



SFE

**ÅRSRAPPORT
2013**

KRAFT TIL Å PÅVERKE FRAMTIDA

Sogn og Fjordane Energi sin visjon, kraft til å påverke framtida, fortel mykje om verksemda vår, rolla vår i samfunnet og verdiskapinga vår for fellesskapet. SFE er ein stor aktør i den norske kraftindustrien, med omfattande produksjon av fornybar energi, ansvar for over 4 000 km straumnett og med 24 000 straumkundar frå heile landet.

Med utgangspunkt i denne verksemda skapar konsernet årleg betydelege verdier som kjem storsamfunnet til gode – gjennom viktige lokale kompetansearbeidsplassar, utbyte, offentlege skattar og avgifter, sponsormidlar til lag og organisasjonar, med meir. Kort sagt: Vi er stolte av å ha kraft til å påverke framtida.

INNHALD

4	Grafar og nøkkeltal
6	Energifylket Sogn og Fjordane
8	Konsernet
10	Produksjon
12	Nett
14	Kraft
17	Kompetanse for framtida
18	Styre og leiing
20	Årsmelding 2013
33	Resultatrekneskap
34	Balanse – eidedelar
35	Balanse – gjeld og eigenkapital
36	Kontantstraumanalyse
38	Notar til rekneskapen
62	Melding frå revisor
64	Erklæring om årsrekneskapen
65	Verdirekneskap

GRAFAR OG NØKKELTAL KONSERN

HISTORISKE NØKKELTAL – ØKONOMI

		2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Frå resultatrekneskap									
Brutto driftsinntekter	tusen kr	1 375 893	1 159 972	1 386 378	1 256 547	826 021	770 313	720 533	658 860
Brutto driftsresultat (EBITDA)	tusen kr	546 919	447 886	394 255	514 306	357 870	282 522	343 565	301 671
Avskrivningar	tusen kr	129 308	125 314	119 553	120 047	95 421	94 036	92 146	88 166
Inntekt frå investering i tilknytt selskap	tusen kr	2 909	551	(1 474)	2 106	3 702	3 193	5 951	2 748
Driftsresultat (EBIT)	tusen kr	417 611	322 572	274 702	394 259	262 449	188 486	251 419	213 505
Finanskostnader	tusen kr	131 266	132 918	130 631	168 453	44 865	76 125	29 983	30 421
Netto finanspostar	tusen kr	113 282	118 804	110 516	119 023	17 785	33 077	(3 108)	8 724
Resultat før skattekostnad	tusen kr	304 329	203 768	164 186	275 236	244 664	155 409	254 527	204 781
Konsernresultat	tusen kr	134 347	81 057	10 190	120 727	127 954	43 208	150 567	101 440
Resultat per aksje	kroner	18,16	10,96	1,38	16,32	17,30	5,84	20,36	13,72

Frå balansen

Eigedelar	tusen kr	4 557 358	4 409 701	4 421 488	4 559 244	3 544 420	2 487 419	2 587 279	2 468 561
Eigenkapital	tusen kr	1 760 384	1 289 872	1 270 566	1 372 348	1 127 302	1 080 854	1 083 435	1 255 292
Netto renteberande gjeld	tusen kr	1 994 469	2 321 400	2 278 000	2 315 400	1 887 935	788 141	589 000	593 022
Syssetsett kapital	tusen kr	3 456 403	3 316 922	3 192 669	3 378 092	1 757 962	1 686 632	1 479 064	1 639 342
Anvendt kapital	tusen kr	3 513 342	3 378 952	3 259 559	3 421 916	1 801 333	1 725 078	1 514 317	1 666 758

Anvendt kapital

Kontantstrøm frå årets aktivitet	tusen kr	310 266	111 602	351 728	218 455	220 747	277 804	194 336	137 152
Avsett til utbytte	tusen kr	100 587	57 690	39 939	90 011	89 493	30 324	305 459	96 149
Utbytte per aksje	kroner	13,60	7,80	5,40	12,17	12,10	4,10	41,30	13,00
Av-/nedskrivning på varige driftsmidlar/immatr. eiged.	tusen kr	141 247	127 114	119 553	120 047	98 317	98 377	92 146	88 166
Investeringar	tusen kr	243 338	166 963	167 031	1 799 276	114 000	108 452	116 456	111 508

Finansiering/soliditet

Rentedekningsgrad	%	3,32	2,53	2,26	2,63	6,45	3,04	9,49	7,73
Renteberande gjeldsgrad	%	53,12	64,28	64,19	62,79	62,61	42,17	35,22	32,08
Eigenkapitalandel	%	38,63	29,25	28,74	30,10	31,80	43,60	43,02	50,85

Nøkkeltal rekneskap

EBITDA-margin	%	39,75	36,28	28,44	40,93	43,32	36,68	47,68	45,79
ROACE - før skatt	%	12,33	9,91	8,36	15,35	15,24	11,91	16,12	12,77
ROACE - etter skatt	%	6,29	5,10	2,78	7,96	7,96	4,03	9,13	6,28
Avkastning på anvendt kapital	%	6,27	5,02	2,69	7,90	7,98	4,14	9,33	6,36
Totalrentabilitet	%	9,72	7,62	6,57	10,95	9,61	9,27	11,41	9,77
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	%	8,81	6,33	0,77	9,66	11,59	3,99	12,88	7,99
Effektiv skatteprosent	%	55,85	60,22	93,79	56,10	47,70	72,20	40,80	50,60

		2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Historiske nøkkeltal - kraftproduksjon									
Vannkraftproduksjon middel	GWh	2 065	2 065	2 065	2 065	1 380	1 380	1 380	1 340
Vannkraftproduksjon faktisk	GWh	1 998	2 189	2 297	1 629	1 418	1 401	1 622	1 277
Installert yting	MW	423	423	423	423	301	301	301	291
Magasinbeholdning per 31.12 (GWh)	GWh	754	616	760	497	383	369	402	422
Heil- og deleigde kraftverk	antal	23	23	23	23	17	17	17	15
Systempris Nord Pool	øre/kWh	29,66	23,40	36,7	42,5	30,6	36,9	22,4	39,1


Historiske nøkkeltal - nett									
NVE-kapital	tusen kr	853 624	794 330	754 550	731 412	687 700	566 183	550 737	531 836
Avkastning på NVE-kapital	%	27,00	6,45	-8,8	12,08	7,07	2,49	18,57	9,17
Mer-/mindreinntekt, saldo	tusen kr	(62 965)	(15 996)	4 076	79 470	73 754	78 381	102 328	78 314
Lvert energi distribusjonsnett	GWh	755	755	690	666	629	614	605	561

Historiske nøkkeltal - sluttbruk									
Kraftleveranse til sluttkunde	GWh	1 259	1 301	1 440	1 327	1 006	930	932	809

HMS - utvikling i nøkkeltal									
Årsverk pr. 31.12	antal	237	236	222	220	205	202	193	187
Årsverk per lærling	antal	18,2	13,1	18,5	22,0	20,5	22,4	24,1	23,4
Kvinneandel	%	20	19	21	21	20	21	19	20
Sjukefråvær	%	3,13	2,91	2,58	1,83	2,28	2,54	3,84	3,57
Korttidssjukefråvær (1-16 dager)	%	1,26	1,05	0,76	0,75	0,80	0,80	0,84	0,99
Langtidssjukefråvær	%	1,87	1,86	1,72	1,07	1,49	1,74	3,00	2,58
Konsernmål sjukefråvær	%	2,50	2,50	2,50	3,50	3,50	3,50	3,50	3,50
Skadefraværfrekvens (H1)	skade med fråvær	11,20	10,90	4,54	8,03	10,02	14,59	2,17	2,51
Skadefrekvens (H2)	skade med og utan fråvær	15,70	17,40	8,03	14,06	14,03	14,59	2,17	2,51


EBITDA-MARGIN

prosent



EIGENKAPITALRENTABILITET

prosent



ENERGIFYLKET SOGN OG FJORDANE

Med eit av dei sterkaste potensiala for fornybar kraftproduksjon har Sogn og Fjordane alle føresetnadane for å ta ein viktig del i eit framtidig norsk industrieventyr. Dersom vi grip moglegheita.

Sogn og Fjordane har fantastiske, naturgejevne tilhøve for produksjon av fornybar energi. Brear, mykje nedbør, høge fjell, djupe fjordar og dalar legg godt til rette for miljøvennleg kraft. Derfor var også fylket tidleg ute med kraftproduksjon.

VERDISKAPING FOR LOKALSAMFUNNA

Vasskrafta har ikkje berre vore ein viktig råvareressurs som har gjeve lys i hus og heim og bidrege til utviklinga av den kraftforedlande industrien i fylket. Den har også bidrege med eit betydeleg tal arbeidsplassar og omfattande økonomisk verdiskaping for lokalsamfunna. Dei største kraftprosjekta og -selskapa er i offentleg eige i Sogn og Fjordane, og mykje er på lokale hender. Over tid har det blitt store utbytte til offentlege eigarar som kommunane og fylkeskommunen. For SFE sin del har vi dei seinaste 10 åra betalt ut 1 milliard i utbytte. For vertskommunane for produksjonsanlegga kjem det gjerne konsesjonskraft, konsesjonsavgifter, eigedomsskattar og naturressursskattar. Årleg får det offentlege tilført store summar til allmennyttige formål som skule, omsorg og infrastruktur. Samstundes er næringa mellom dei største støttespelarane til frivillige lag og organisasjonar som bidreg til aktivitet, trivsel og bulyst i lokalsamfunna.

Medan det har vorte realisert få store kraftprosjekt dei siste par tiåra, har framveksten av småkraft vore formidabel. Allereie er Sogn og Fjordane størst i tal reali-

serte prosjekt, og i følge Norges Vassdrags- og energidirektorat har fylket også det største potensialet for utbygging av småkraft. Med småkrafta står Sogn og Fjordane endå sterkare som energifylke. Ikkje minst utgjør det ein ny og kjærkomen næringsveg som supplement til mange gardsbruk. Vi skal heller ikkje gløyme arbeidet som blir gjort på nye energiformer, og fylket sine produksjons- eller utviklingsmiljø for vindkraft, bioenergi, fjordvarme, og andre energiformer.

KORTREIST KOMPETANSE

Totalt har om lag 800 tilsette kraftnæringa i Sogn og Fjordane som arbeidsplass – 260 av desse arbeider i SFE. Som energifylke kan vi ikkje berre basere oss på å hente ettertrakta kompetanse frå studiestadar i andre delar av landet. Derfor er det gledeleg at vi har ein høgskule som satsar sterkt på tekniske linjer og energirelatert kompetanse. I 2008 starta Høgskulen i Sogn og Fjordane med studieprogram og forskning innan fornybar energi, og for tre år sidan ingeniørutdanning innan elkraft. Heile vegen har dei hatt med seg næringsliv og kraftnæring som viktige støttespelarar. Seinast ved søknad til Norges Forskningsråd om midlar til forskning på lokale ringverknader av kraftproduksjonen, med støtte frå SFE, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Fylkeskommunen. Også ved etableringa av ingeniørutdanninga innan elkraft i Førde var SFE og anna næringsliv med, og endåtil initiativstakarar til studiet. Slike samarbeid har vore ein



suksessfaktor for utviklinga av høgskuletilboda og ein vinn-vinn-situasjon for både høgskulen og næringslivet. Fylket har mykje å by på i skjeringspunktet mellom attraktive arbeidsmoglegheiter, gode oppvekstvilkår og varierte fritidstilbod, men med lokale utdanningstilbod aukar vi sjansane for å kunne halde på kompetansen lokalt.

FRAMTIDA ER LYS

Alt tyder på at fornybar energi vil vere eit viktig og prioritert satsingsområde for Noreg i framtida. Nasjonale og internasjonale målsetningar om meir fornybar kraft i energimiksen viser retning. Elektrifisering av transportsektor, bilpark og norske olje- og gassplattformer er døme på ambisjonane. I Sogn og Fjordane sit vi på ein viktig bit av nøkkelen. Ti prosent av norsk vasskraftproduksjon er allereie i fylket, medan eitt av fem norske vasskraftprosjekt som er til konsesjonshandsaming også ligg her. Vi har alle moglegheiter til å ta del i eit viktig norsk industrieventyr om vi ønskjer det. For å klare det, og samstundes halde det meste av verdiskapinga lokalt, er det viktig at vi kjenner vår besøkelsestid og tek eigarskap til ressursane og prosjekta.

Vi må derfor arbeide for gode råmevilkår for både den tradisjonelle kraftnæringa og dei mange småkraftproducentane. Vi må arbeide for nett og mellomlandskablar som gjev oss tilgang til nye markadar og ein betre pris på råvara vår. Og vi må utvikle både lokal kompetanse og lokal leverandørindustri som kan bidra til å styrke konkurransekrafta vår. Greier vi dette ligg alt til rette for ei lys framtid for kraftnæringa i Sogn og Fjordane og auka verdiskaping for lokalsamfunna våre.

Terje Gjengedal
konsernsjef



KONSERNET

BLANT DEI

STØRSTE

Med 260 tilsette og ei omsetjing på nær 1,4 milliardar kroner er Sogn og Fjordane Energi eit av dei største kraftselskapa på Vestlandet.

Kraft til å påverke framtida Visjonen til SFE, "kraft til å påverke framtida", fortel mykje om vår verksemd, vår rolle i samfunnet og vår verdiskaping for fellesskapet. Vi byggjer vår verksemd på ei lang krafthistorie, med ein kraftproduksjon og ei utbygging av infrastruktur som har medverka til mykje av den samfunns- og næringsutviklinga fylket har opplevd gjennom åra.

SFE, slik vi kjenner det i dag, vart skipa i 2003 etter ein fusjon av selskapa SFE, Ytre Fjordane Kraftlag, Gloppen Elektrisitetsverk, Firdakraft og Eid Energi. I dag har konsernet vakse til 260 tilsette og ei omsetjing i 2013 på 1,38 milliardar kroner. Dette gjer oss ikkje berre til eit av dei største kraftkonserna på Vestlandet, vi er også ein stor aktør i den nasjonale kraftindustrien.

Konsernet er tufta på fornybar energi, med ei kjerneverksemd som femner om produksjon, overføring og omsetjing av elektrisk energi. Vi har eigarskap i selskap som opererer innan vindkraft, datalagring og breiband, i tillegg til eit miljø som arbeider med å utvikle innovative løysingar for energisektoren. Samla gjev dette oss eit solid grunnlag til å bidra til vekst og utvikling på heimebane, i tillegg til å bidra til å nå Noreg sine målsetjingar om reduserte klimautslepp og meir fornybar energiproduksjon.


BETYDELEG VERDISKAPING

SFE er fullt ut eigd av det offentlege, og har sterk lokal eigarforankring. Våre største eigarar er Sogn og Fjordane Fylkeskommune og BKK, med eigarskap på høvesvis 48,15 og 38,54 prosent. Andre eigarar er lokale kommunar frå Nordfjord og Sunnfjord: Flora, Gloppen, Bremanger, Askvoll, Selje, Eid og Naustdal.

Storparten av vår verdiskaping kjem derfor fellesskapet til gode. God soliditet og lønnssemd i drifta har gjeve grunnlaget for betydeleg avkastning, og dei seinaste ti åra er det utbetalt om lag 1 milliard kroner i utbytte til eigarane. I tillegg kjem skattar, avgifter og konsesjonskraft, som i 2013 utgjorde rundt 85 millionar til kommunar i fylket. Til staten var utbetalingane for overskot- og grunnrenteskatt 170 millionar i 2013.

Gjennom sponsormidlar og samarbeid med det ideelle organisasjonslivet, tek SFE også mål av seg å vere ein aktiv samfunnsaktør. Årleg støttar vi opp mot 80 lag, organisasjonar og arrangement som alle bidreg til å skape utvikling, trivsel og bulyst i regionen vår. Desse samarbeida er ein del av vår kommunikasjon med omgjevnadane, men også eit viktig og bevisst samfunnsansvar.

KONSERNSTRUKTUR:



EIGARANE AV SFE-KONSERNET

Sogn og Fjordane fylkeskommune	48,15%
BKK	38,54%
Flora kommune	4,51%
Gloppen kommune/Gloppen Energi AS	3,36%
Bremanger kommune	2,40%
Askvoll kommune	1,44%
Selje kommune	1,39%
Eid kommune	0,14%
Naustdal kommune	0,07%

260 tilsette

Ca 23 000 nettkundar

Ca 24 000 straumkundar

1,38 mrd. omsetjing i 2013

134 mill. i resultat e. skatt i 2013

Hovudkontor på Sandane og i Florø

Produksjonsportefølje på ca 2 100 GWh

28 kontor, basar og kraftstasjonar i Sogn og Fjordane

Eig 4000 km linjenett og ca 1550 nett- og trafostasjonar

**STOLT
FRISK
EKTE**

PRODUKSJON

NATURKREFTER

GJEV ENERGI

Sogn og Fjordane Energi sin produksjon av rein vasskraft kan dekke straumforbruket til meir enn 100 000 norske heimar.

I Sogn og Fjordane har vi fantastiske, naturgjevne tilhøve for produksjon av fornybar energi. Brear, mykje nedbør, høge fjell, djupe fjordar og dalar legg godt til rette for vasskraft. Det er her vi temmer naturkreftene og leverer eit miljøvennleg alternativ til forureinande energikjelder. Med det gjev vi også vårt bidrag til å nå dei nasjonale og internasjonale klimamålsetnadane.

Mykje av produksjon vår er regulerbar. Det betyr at vi kan «lagre krafta» i vassmagasin og produsere den når behovet er størst – både her heime og internasjonalt. Med ein stadig aukande sol- og vindkraftindustri er det eit viktig bidrag når verken sola skin eller vinden bles. Dette gjer krafta vår til ei svært ettertrakta vare, og ei kjelde til viktig verdiskaping for våre eigarar og lokalsamfunn.

23 KRAFTVERK

Produksjonsaktiviteten til SFE-konsernet er samla i selskapet SFE Produksjon. Denne verksemda omfattar drift, vedlikehald og rehabilitering av dei eksisterande produksjonsanlegga, ny kraftutbygging og utviklingsaktivitetar, i tillegg til eit krafthandelsmiljø som driv fysisk og finansiell omsetting av kraftproduksjonen i marknaden.

SFE er driftsoperatør på 23 kraftverk med totalt 30 aggregat – alle i Sogn og Fjordane. SFE sin eigenproduksjon, produksjon i kraftverk vi leiger eller vår part av deleigde kraftverk utgjer i overkant av 2 TWh. Dersom

ein inkluderar den kraftmengda SFE i tillegg kjøper frå småkraftverk, og omset i marknaden, forvaltar SFE ein produksjonsportefølje som tilsvarar forbruket i rundt 110 000 husstandar.

MANGE NYE PROSJEKT

SFE har som mål å realisere vasskraftproduksjon med ei produksjonsmengd på om lag 300 GWh innan 2020, for å kunne ta del i den norsk-svenske elsertifikatmarknaden med denne produksjonen. Kontinuerleg arbeider vi med å få fram ny produksjonskapasitet innan vasskraft. I 2013 har vi fått konsesjon for bygging av eit kraftverk på Østerbø i Høyanger som vil gje 168 GWh meir kraft. Grunnevatn og Leknesvatn kraftverk i Skorvenvassdraget, med ei planlagt produksjonsmengd på 16 GWh, er under prosjektering og ein ventar byggestart i 2014. Det er også gitt konsesjon for 4 småkraftverk tilhøyrande Svelgen Kraft AS, på om lag 25 GWh. I tillegg er det søkt om fleire prosjekt med ein planlagt produksjonsmengd på om lag 250 GWh, der ei utbygging i Gjengedalsvassdraget vil vere det største prosjektet.

I tillegg til nye utbyggingar ser selskapet kontinuerleg etter måtar ein kan vidareutvikle og utvide dei eksisterande kraftverka for å utnytte vassressursane på ein mest mogleg effektiv måte, med ein mest mogleg skånsam bruk av naturen.





NETT

FIN LIVSNERVE

Nettet vårt er livsnerven som bitt samfunnet saman, og som gjev energi til vekst og utvikling i lokalsamfunna våre.

Straumnettet bind saman kraftproduksjonen og forbruket, slik at straumen kan fraktast der behovet finst. Eit straumnett med god kapasitet, både innan Sogn og Fjordane, og til og frå fylket, er avgjerande for god forsyningstryggleik, auka verdiskaping og auke i produksjonen av meir fornybar energi.

4000 KILOMETER

Vårt nett strekkjer seg meir enn 4000 kilometer, og tilsvarer såleis avstanden frå Sogn og Fjordane til Kairo i Egypt. Vi eig og driftar sentral- og regionalnett frå Sognefjorden i sør til Ørsta i nord, medan lokalnettet vårt forsyner 24 000 nettkundar i åtte kommunar i Nordfjord og Sunnfjord. Det er med andre ord snakk om eit betydeleg ansvar for ein infrastruktur som er kritisk for eit vel fungerande samfunn.

I tillegg til ansvar for eige nett, er SFE Nett utpeika av NVE som ansvarleg for å utarbeide kraftsystemutgreiinga for Sogn og Fjordane. Denne skal beskrive dagens kraftsystem og framtidige overføringsbehov og -løysingar. Selskapet har også funksjon som kraftforsyninga sin distriktssjef i Sogn og Fjordane (KDS), som trer i kraft dersom ein ekstraordinær beredskapssituasjon skulle oppstå.

OMFATTANDE INVESTERINGAR

Godt vedlikehald og drift har gjeve ein god leveringskvalitet i SFE sitt straumnett dei seinare åra. I eit år utan spesielle hendingar vil SFE normalt ha ei oppetid i nettet på 99.975%, noko som inneber at selskapet sine nettkundar i gjennomsnitt vil vere utan straum i overkant av 2 timar. Til tross for tradisjonelt god leveringskvalitet, er delar av nettet i fylket aldrande og med avgrensa kapasitet.

Både som følge av industriell vekst, eit aldrande regionalnett, og mykje ny vasskraft under planlegging og realisering, planlegg SFE for årlege investeringar på om lag 200 millionar kroner dei komande åra for å styrke kapasiteten og sikre framleis god leveringstryggleik.

I tillegg til straumnettet har SFE bygd ut eit omfattande fibernett i vår region. Dette nettet inngår i ein nasjonal "transportstamme", har regionalt og lokalt fibernett til alle tettstadar og vi samarbeider no tett med innhaldsleverandøren Enivest om utbygging av "fiber til heimen". Ei rekkje stader er dette allereie tilgjengeleg, mens andre stader ligg like fram i løypa.

SMARTARE NETTDRIFT

Innan 1. januar 2019 skal SFE Nett, til liks med alle andre nettselskap i Noreg, installere nye, automatiske straummålarar hos våre privatkundar. Desse målarane vil registrere straumforbruket på timebasis, og kundane slepp å lese av målarane slik som i dag. Dette vil gje kunden betre kontroll over eige forbruk og ei meir nøyaktig avrekning av forbruket, samstundes som det opnar for ein meir avansert drift av nettet og betre oversikt over behovet for nettutvikling.

For å vere budd på, og bidra til å skape, framtidens moglegheiter for ein smartare og meir effektiv drift av straumnettet, har SFE eit samarbeid med Halden-baserte eSmart Systems, Fredrikstad Energi og Big Data Energy Systems frå Texas. Dette samarbeidet skal utvikle nye og framtidsetta IT-system som vil vere i stand til å bearbeide betydeleg større datamengder og gjere analyser for ein meir effektiv nettutvikling.

KRAFT

GODE KUNDE- OPPLEVINGAR

Med «ekte vare» som rettesnor skal vi skape gode opplevingar for straumkundane våre.

Sogn og Fjordane Energi sel straum til privat- og næringskundar over heile landet, og har sterke ambisjonar om at mange fleire kundar skal velje oss i åra som kjem. Dette skal vi oppnå gjennom at kundane opplever at SFE er ekte vare. Vårt løfte om ekte vare er ei viktig drivkraft som alle våre tilsette deler for å skape gode kundeopplevingar for kundane. Det skal vere enkelt og bekymringsfritt å ha SFE som straumleverandør.

Trass i ein stadig sterkare konkurranse om straumkundane skal kundane oppleve at SFE har produkt og tenester som gjev dei verdi. Kundane skal oppleve at vi heller ønskjer å møte kunden med ei ærleg framstilling av produkt og prisar enn lokketilbod og innpåslitne seljarar. At vi er trygge på at våre prisar er konkurransedyktige, men samstundes ikkje ønskjer å framstille andre konkurrentar som dyre. At vi heller ønskjer at kunden skal møte ekte menneske enn tvungne tasteval. Men at vi samstundes ønskjer å tilby kunden enkle og sjølvbetjente løysingar om han eller ho heller ønskjer det.

GOD KUNDETILFREDSHEIT

Ved hjelp av ein ekstern samarbeidspartner måler vi kvaliteten og servicenivået på kundesenteret vårt fire gongar årleg. Samstundes opplever vi at stadig fleire ønskjer sjølvbetjente løysingar. Derfor lanserte vi i 2013 ein ny og forbetra kundeportal som vi ønskjer skal vere så ryddig, oversiktleg og brukarvennleg som mogleg. Den skal gjere det enklare for kunden å få oversikt over våre produkt og tenester. I tillegg skal det vere enkelt å administrere kundeforholdet på eiga hand, som t.d. å endre kundeavtale, melde flytting eller få oversikt over fakturaer.

Den nye heimesida har også ein «chat»-funksjon, der kunden kan prate med kundesenteret vårt direkte på heimesida.

Vårt fokus på kundetilfredsheit kjem til syne i dei årlege kundetilfredsheitsundersøkingane som vi gjennomfører på privatmarknaden. Resultata syner at kundane er godt nøgde med oss og den positive utviklinga held fram. Vi ligg over bransjegjennomsnittet på lojalitet og kundetilfredsheit og dette gjev oss ein solid styrke i satsinga framover.

GOD STRAUM

SFE tilbyr straumavtaler tilpassa ulike kundebehov, til konkurransedyktige prisar, på ein nasjonal marknad. Kundane våre kan velje om dei ønskjer mest mogleg føreseielege prisar eller dei ønskjer å følgje marknadsprisen si daglege utvikling. Straumprodukta våre omfattar standard variabel straumpris, innkjøpspris, fastpris eller ein kombinasjon av fast og innkjøpspris.

I 2013 lanserte vi også eit nytt produkt, God straum, i samarbeid med Plan Norge. For kvar kunde som veljer denne straumavtalen donerer SFE 20 kroner per måned til brønnbygging i Sierra Leone – eit av verdas fattigaste land. Gjennom eit fem år langt samarbeid garanterer SFE ei støtte som vil gje 15 000 menneske i Sierra Leone tilgang til reint vatn. Samarbeidet har allereie skapt både stoltheit og stor entusiasme i selskapet. Som ei av våre medarbeidarar på kundesenteret sa det: «Vi lever av reint vatn, mens dei treng vatn for å leve».





KOMPETANSE FOR FRAMTIDA

For SFE er våre medarbeidarar ei investering i menneske, kunnskap og engasjement. Over 60 nye tilsette er rekruttert dei seinaste tre åra, og konsernet tel i dag 260 dyktige og engasjerte medarbeidarar.

STORT MANGFALD

Ei viktig oppgåve for SFE er investeringa i medarbeidarar, kunnskap og engasjement. Vi ønskjer å få fram det beste i våre tilsette, og med dette vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Sogn og Fjordane er eit ressursområde for fornybar energi, og SFE er ein sentral aktør i arbeidet med å framskaffe og distribuere meir rein energi. Med dei nasjonale og internasjonale klima- og miljøutfordringane vi står ovanfor i dag, meiner vi dette gjer oss til ein attraktiv og ikkje minst framtidretta arbeidsplass.

SFE representerer eit stort mangfald i fag og kompetanseområder. Energimontørane våre driftar nettanlegg i den krevjande naturen og med det utfordrande veret Vestlandet kan by på. Vi har vasskraftanlegg med avanserte styrings- og overvakingssystem som blir ivaretekne av dyktige energioperatørar, medan ingeniørane prosjekterer vidare utbygging for å skaffe meir fornybar energi. Sals- og kunderådgjevarane våre yter kundane våre service med utgangspunkt i kundeløftet "ekte vare". På handelsbordet har vi kraftanalytikarar som sørgjer for at vi får optimal pris ut av kraftproduksjonen vår. Med ei karriere innan fornybar energi er ein med på å skape framtida.

INVESTERING I MENNESKE

Våre medarbeidarar er ei investering i menneske, kunnskap og engasjement. Ei av våre viktigaste oppgåver internt er å skape ein grobotn for motivasjon og utvikling slik at vi får engasjerte tilsette med haldningar som styrker oss framover. Tryggleik, openheit og eit godt sosialt fellesskap er viktige innsatsfaktorar. Vi har ein fagbreidde

i konsernet som skapar karrieremoglegheiter internt og vi legg til rette for at våre tilsette skal kunne vidareutdanne seg. Dette styrker kompetansenivået samstundes som vi oppnår ein fleksibilitet som kjem alle til gode. I tillegg legg vi til rette for læring gjennom deling av kunnskap og erfaringar.

Å sikre at vi kan løyse oppgåvene våre i dag, i morgon og i framtida handlar om rekruttering. Samstundes handlar det like mykje om å ta vare på menneska som er i bedrifta i dag. Ved å satse på inkluderande arbeidsliv (IA) skal vi vere ein arbeidsgjevar som er rett for mange.

FRAMTIDAS KOMPETANSE

Kjerneverksemda vår er viktig for framtida, og for å sikre tilgang på ønska arbeidskraft jobbar vi for å styrke dialogen og samarbeidet med skular og utdanningsinstitusjonar. Våre fruktbare samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning, og støtta til deira utdanningstilbod og forskning innan fornybar energi, bidreg til å sette både bransjen vår og fylket vårt på kartet. Vårt samarbeid med Ungt Entreprenørskap, mellom anna i forbindelse med ulike "grundercampar" der elevar får lære om energi, gjev oss anledning til å sette fokus på vårt fagfelt allereie tidleg i skulen. Alt dette er eksempel på korleis vi jobbar med å finne naturlege knutepunkt mot viktige interessentar for å skape interesse for og kunnskap om energifaget. Vi er avhengig av brei kompetanse for å løyse utfordrande oppgåver i framtida. Derfor skal vi vere ein pådrivar for å styrke satsinga på utdanning innan fornybar energi.

STYRE OG LEIING

KONSERNSTYRET



Per Atle Kjøllesdal
styreleiar



Birger Cotta Schönberg
nestleiar



Arvid Bjarne Lillehaug
styremedlem



Kristin Linnerud
styremedlem



Olin Johanne Henden
styremedlem



Bengt Solheim-Olsen
styremedlem



Oddmund Årdal
styremedlem



Geir Magne Evebø
styremedlem



Kjell Asle Bakkebo
styremedlem

KONSERNLEIINGA



Terje Gjengedal
konsernsjef



Martin Holvik
konserndirektør
økonomi og finans



Asgeir Aase
konserndirektør nett



Bjarne Dybvik
konserndirektør kraft



Ola Lingaas
konserndirektør
produksjon



Ole-Bent Søreide
konserndirektør
HR og organisasjon



Kai Petter Sårheim
konserndirektør
kommunikasjon og
merkevare



Erling Sande
konserndirektør
strategi og utvikling



ÅRSMELDING 2013

Konsernet SFE fekk eit overskot etter skatt på 134 mill. kroner. Styret vurderer resultatet som tilfredsstillande. Resultatet er ei kraftig forbetring frå 81 mill. kroner i 2012.

Resultatet før skatt er 304 mill. kroner. Dette er 100 mill. kroner betre enn fjorårsresultatet.

SFE-konsernet produserte 1 998 GWh i 2013. Dette er 191 GWh mindre enn i 2012 og 67 GWh mindre enn middelproduksjonen. Kraftforbruket i eige forsyningsområde var på 664 GWh i 2013, ein reduksjon på 6 GWh frå 2012. Sal til sluttkundar var i 2013 1 259 GWh, ein reduksjon frå 1 305 GWh føregåande år.

Styret tilrår eit samla utbytte på 101 mill. kroner for 2013, dette er i samsvar med vedteken utbyttepolitikk som

tilseier at 70% av årsresultatet skal utbetalast som utbytte. Utbyttet er ein kraftig auka frå 58 mill. kroner i 2012.

SFE har i 2013 gjennomført investeringar på til saman 243 mill. kroner i fysiske driftsmiddel, størstedelen i nye nettanlegg. Dette er ein auke på 76 mill. kroner frå foregåande år.

Ved utgangen av året var det 246 tilsette og 13 lærlingar/traineeer i SFE. Kvinnedelen i SFE er på 20%. Sjukefråværet er på 3,13% i 2013, mot 2,91% i 2012.

VERKSEMDA SI ART OG TILHALDSSTAD

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) er eit energikonsern med hovudaktivitet innan vasskraftproduksjon, krafthandel og kraftoverføring gjennom dei heileigde dotterselskapa SFE Produksjon AS, SFE Kraft AS og SFE Nett AS. Selskapet sitt forretningskontor er på Sandane i Gloppen kommune.

SFE sin visjon er «Kraft til å påverke framtida».

SFE eig kommunikasjonsfiber og leiger denne ut til breiband- og teleselskap. SFE sitt engasjement innan

breiband er gjennom selskapet Eninvest AS, der SFE har ein eigarskap på 38,7%. SFE tilbyr også entreprenørtenester. I februar 2013 selde SFE engasjementet innan alarmtenester til Sektor Alarm. Alle aksjane i eigedomselskapet Sørstrandsvegen 9 Sandane AS vart i august 2013 seldt.

Svelgen Kraft Holding AS er eit 56% eigd dotterselskap av SFE Produksjon AS. Dei andre aksjonærene i Svelgen Kraft Holding AS er Tafjord Kraftproduksjon AS med 34% og Sognekraft AS med 10%. Dette selskapet er holding-selskap for Svelgen Kraft AS som eig kraftverk i Svelgen.

I september 2013 vart det inngått gjensidig avhengige avtalar om at SFE Produksjon AS sel sin medeigarrett på 35% (ca. 175 GWh) i Leirdøla kraftverk til Statkraft Energi AS og Svelgen Kraft AS kjøpar Svelgen I og II mv (ca. 260 GWh) frå Statkraft Energi AS. Avtalene er under hand-saming for godkjenning og nødvendige konsesjonar frå styresmaktene, og ein reknar med gjennomføring av avtalene i 2014.

SFE eig 35% av Vestavind Kraft AS saman med 6 andre energiselskap på Vestlandet. Selskapet har samlokalisering med SFE på Sandane. Formålet til selskapet er å utvikle, bygge, eige og drive vindkraftanlegg.

SFE hadde i 2013 eit sal til sluttbrukarkundar på 1.259 GWh, mot 1305 GWh i 2012. Hovudgrunnen til reduksjonen på 46


GWh er ein sterkare satsing på privatkundesegmentet og eit redusert fokus på store næringskundar som representerer større volum, men også meir pressa marginar.

Året 2013 gav ein høgare kraftpris enn i 2012. Systemprisen på Nordpool vart i gjennomsnitt over året på 29,7 øre/kWh. Til samanlikning var systemprisen i 2012 på 23,4 øre/kWh og 36,7 øre/kWh i 2011.

SFE produserte 1 998 GWh som er ein reduksjon på 191 GWh samanlikna med 2012. SFE sin middelproduksjon er berekna til 2 065 GWh simulert etter tilsigsserien 1989-2005.

Oversikt over produksjon og magasin dei siste fem åra er slik (tala for dei fire siste åra inkluderer Svelgen Kraft AS):

	2013	2012	2011	2010	2009
Produksjon	1 998 GWh	2 189 GWh	2 297 GWh	1 629 GWh	1 418 GWh
Magasin 31.12	761 GWh	616 GWh	760 GWh	497 GWh	383 GWh



SFE arbeider kontinuerleg med å få fram ny produksjonskapasitet innan vasskraft. I 2013 har ein fått konsesjon for bygging av Østerbø og Randalen kraftverk (storleik 183 GWh – Høyanger kommune). Grunnevatn og Leknesvatn kraftverk i Skorvenvassdraget (ca. 16 GWh – Askvoll kommune) er under prosjektering og ein ventar byggestart i 2014. Det er også gitt konsesjon for 4 småkraftverk tilhøyrande Svelgen Kraft AS (ca. 25 GWh – Bremanger kommune) og prosjektering pågår. Det er søkt om konsesjon for utbyggingar i Gjengedalsvassdraget, (ca. 150 GWh i Gjengedal kraftverk pluss 17 GWh i Ommedal kraftverk – Gloppen kommune) og Bredvatn kraftverk i Åskåravassdraget (ca. 65 GWh netto ny kraft – Bremanger kommune). Det er søkt konsesjon for Kviefossen kraftverk (ca. 5 GWh, Eid kommune) og 4 småkraftverk i Norddalsvassdraget, men 3 av desse er trekt slik at 1 prosjekt gjenstår (ca. 19 GWh – Flora kommune). Det har også pågått arbeid med avtaleverk for utvikling av minikraftverk i Nausta (Naustdal kommune). I samarbeid med Stranda Energi AS er det via Firdakraft AS inngått avtale om konsesjonssøknad for Hauge kraftverk (ca. 15 GWh – Stranda kommune).

I 2013 vart det arbeid vidare med organisasjonsutvikling knytt til stasjonsgruppe Svelgen, og driftssentral-funksjonane for anlegga vart overført til Sandane i mars 2013.

Kraftforbruket i eige forsyningsområde var på 664 GWh i 2013, ein reduksjon på 6 GWh frå 2012. Høgare temperatur i 2013 samanlikna med året før er grunnen til reduksjonen.

Med unntak av enkeltår grunna spesielle hendingar (til dømes "Dagmar" i 2011, har SFE god leveringskvalitet, synleggjort ved årleg avbrotstatistikk. Mål for leveringskvalitet er oppetid på 99,975%, eller ILE/LE (ikkje levert energi dividert på levert energi) på 0,025%. I 2013 var ILE/LE 0,041%. Dette svarar økonomisk til ein kostnad for SFE på 11,3 mill. kroner. Gjennomsnittleg hadde nettkundane som opplevde langvarig straumbortfall (langvarig er definert som over 3 minutt) ei utetid på 260 minutt. På grunn av manglande reserve i tunglast er Florø, som også er største uttakspunkt, mest risikofylte område for utfall. Konsesjon for forsterka innføring til Florø er gitt av OED i 2011. Anleggsarbeida er i gang, og det er mål om å slutføre anlegget i 2015.

Byggeperioden for Statnett si 420 kV-line mellom Ørskog og Fardal medfører planlagde omkoplingar i hovudnettet, og tidvis uvanlege og meir risikofylte koplingsbilde enn ved «normaldrift». For SFE medfører dette ein vesentleg auka økonomisk risiko. I 2013 har tre av dei største utfalla vore

ein konsekvens av byggearbeida Ørskog/Fardal, utanfor SFE sin kontroll, og der vi legg til grunn at desse omkostningane vert dekkja av andre. Samla utfallsomkostningar utanfor SFE sin kontroll er nær 3 mill. kroner, av samla 11,3 mill. kroner. Om ein korrigerer for dette er kostnad med straumbortfall i 2013 på normalt nivå.

UTVIKLING AV SENTRALNETTET

Sentralnettet i området er kapasitetsmessig svakare enn ønskeleg, spesielt frå Moskog til Haugen og vidare til Ørskog. I Sogn og Fjordane er det eit stort potensiale og svært mange planar for ny fornybar kraftproduksjon. Sentralnettet er så sterkt utnytta at ny produksjon som ikkje hadde konsesjon før 1. april 2009 ikkje får avtale om nettilknytning før nytt sentralnett er realisert.

Nytt sentralnett er også avgjerande for å sikre forsyninga i tørrårssituasjon. Regionen var vinter/vår 1997, 2003 og 2011 på grensa til rasjonering. Vinter 2014 er status bra vassmagasin, men lågare snømagasin enn normalt.

SFE er eigar av sentralnettet frå Sognefjorden og nordover til Haugen, og leiger dette ut til Statnett, som er systemansvarleg i Norge og har ansvaret for sentralnettet. Statnett har konsesjonssøkt ny 420kV-linje frå Indre Sogn til Ørskog, med transformeringsstasjonar i Høyanger, Moskog, Ålfoten, Ørsta og Sykkylven (i tillegg til endepunkta Sogndal og Ørskog). Endeleg og rettskraftig konsesjon vart gitt av NVE i desember 2011. Anleggsarbeida er godt i gang, og ein arbeider med siktemål ferdigstilling i løpet av 2015/2016. Enkelte traseendringar OED gjorde i sitt "endelege" konsesjonsvedtak har vore klaga på av lokale interesser og grunneigarar. Klage har vore knytt til konsesjonsvedtaket si gyldigheit (Statnett/OED), og til Miljøverndepartementet si overprøving av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sitt avslag etter naturmangfaldlova, då OED si endring medfører inngrep i Sør-dalen naturreservat. Alle forvaltningsvedtak er på plass og med medhald til tiltakshavar. Saka vert førd vidare i det sivile rettsapparatet. Oslo tingrett som første rettsinstans ikkje gav medhald til grunneigarane.

SFE har vore aktiv i prosessen med etableringa av nytt sentralnett. Traseval (i tyding mogelege hovudknutepunkt og transformeringsstasjonar) er i hovudsak i samsvar med våre tilrådingar. Prosessen starta i 2005 og har vore tidkrevjande. Styresmaktene bør effektivisere konsesjonsprosessane, og som ledd i dette også vurdere om arbeidsdelinga mellom NVE som faginstans og OED fungerer godt nok.



Nettdrift i byggefasen for linja er kritisk og må planleggast nøye. Dette skuldast at den planlagde linja i all hovudsak følgjer traseen til dagens hovudnett. For SFE medfører dette også ein stor økonomisk risiko, då KILE-risikoen vert høgare i byggeperioden, mellom anna då eventuelle feil som oppstår i mindre grad vil ha reserve. I 2013 har det vore utfall og omkostningar som følgje av situasjonen med sårbar drift av hovudnettet.

UTVIKLING AV REGIONALNETTET

Både som følgje av industriell vekst, eit aldrande regionalnett, og mykje ny vasskraft under planlegging og realisering, er det behov for stor investering i regionalnettet, og også distribusjonsnettet, dei komande åra.

Dei siste åra er det etablert eller auka kapasitet i 6 transformatorstasjonar i 66- og 132kV-nettet. SFE har mange prosjekt i R/S-nettet som anten er påbegynt eller der konsesjonsarbeid pågår eller er i oppstartsfasen:

- Seks prosjekt med separate konsesjonar er starta opp eller nødvendige konsesjonar er tildelt. Dette gjeld både bygging og endring av transformatorstasjonar pga. nytt 420kV-sentralnett, bygging av nye liner/kabeltrasear og andre arbeid som vil forsterke R/S-nettet og fire 132kV-transformatorstasjonar.
- Fire prosjekt er under konsesjonshandsaming. Dette er tiltak som i hovudsak er nødvendig for å knytte ny vass- og vindkraft til nettet.

Det pågår utover dette tre prosjekt på førebunde konsesjonsstadium, der ein reknar med å sende konsesjonssøknad i 2014.

EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) utarbeider tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Tilrådinga skal bidra til å klargjere rolledeling mellom aksjeeigarar, styre og dagleg leiing utover det som følj av lovgjeving. SFE er ikkje pålagt gjennom lov eller regelverk å følgje denne tilrådinga, men har likevel valt å følgje tilrådinga så langt den er relevant. På SFE si heimeside vil ein finne SFE si vurdering av status i forhold til NUES si tilråding.

SAMFUNNSANSVAR

Samfunnsansvar for SFE omfattar mellom anna vår økonomiske verdiskaping for offentlege eigarar og våre lokalsamfunn, produksjon av kraft frå fornybare energikjelder, utvikling og drift av ein kritisk infrastruktur for samfunnet, ein bærekraftig og mest mogleg skånsam bruk av naturen, og omfattande samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Fleire av desse områda er omtalt andre stadar i årsmeldinga. Når det gjeld vår sponsorverksemd, så omfattar den samarbeid med rundt 80-90 frivillige lag og organisasjonar kvart år. Dette er ein viktig del av vårt samfunnsansvar, samstundes som det er ein arena der vi profilerer vår merkevare. Hovudvekta av slike samarbeid skjer i våre eigarkommunar, der vi har større nett- og produksjonsprosjekt eller kundekonsentrasjonar, eller gjennom fylkesdekkande organisasjonar. Vi søker ein rett balanse mellom idrett, kultur og utdanning/kompetanse i vår miks av samarbeid.

FRAMTIDSUTSIKTER

Ved inngangen til 2014 hadde SFE sine vassmagasin ein fyllingsgrad på 81%. Dette er høgare enn normalt. Snømengda i fjellet er imidlertid langt lågare enn normalt, og dette gjer at venta produksjon i 2014 er noko lågare enn middelproduksjonen på 2 065 GWh.

Felles marknad for elsertifikat i Noreg og Sverige frå 2012 gjev eit grunnlag for utvikling av nye 26 TWh fornybar energi. For SFE kan dette medføre moglegheiter for utbygging av meir fornybar kraft. Realisering av lønsame ny fornybare energiprojekt med elsertifikat vil verke positivt på verdiane i SFE, og konsernet har konsesjonsgitte vasskraftprosjekt på vel 200 GWh som er under prosjektering. Om elsertifikata fører til eit stort overskot av energi vil det presse kraftprisen ned, noko som vil redusere verdien av SFE sin eksisterande kraftproduksjon. Fallet i brenselprisar siste perioden har kombinert med auken i sol- og vindkraft i Europa ført til eit fall i kraftprisane, og gjer at utsiktene til å bygge ut ny lønsam kraftproduksjon er svekka. Dersom ikkje kraftprisane, kombinert med auka pris på elsertifikat, kjem opp på eit høgare nivå kan dette føre til at mengda ny fornybar kraftproduksjon i Noreg vert lågare enn venta. Konsekvensen av den felles svensk/norske elsertifikatmarknaden kan då bli at verdien av eksisterande norsk vasskraft fell pga. lågare kraftprisar utan at det vert bygd ut vesentleg meir fornybar kraftproduksjon i Norge. Den framtidige kraftprisen vil også vere påverka av utviklinga i forbruket innanlands, ev. bruk av elektrisitet på norsk sokkel samt høve til eksport gjennom kraftkabler til andre delar av Europa.

Einsidige klimamål i Noreg og Europa kan medføre ei konkurransevriding for den kraftkrevjande industrien, med fare for at denne industrien flyttar produksjonen ut av verdsdelen. Dersom denne industrien forsvinn, representerer dette ei betydeleg fare for innelåsing av kraft i det nordiske kraftsystemet med påfølgjande låge kraftprisar. På den andre sida kan klimatiltak i Europa som avgrensar bruk av fossil energi kunne bidra positivt til kraftprisane

frå fornybar energi i Norge. Enkeltland si fornybar-subsidiering i Europa kan likevel virke motsett. Dei internasjonale klimaforhandlingane som har som mål å bli samde om ei klimaavtale i Paris i 2015 kan, dersom dei lukkast, føre til betre rammevilkår for fornybar energi på mellomlang og lang sikt.

INNTEKTSRAMMEREGLERING:

Dagens inntektsrammeregluring er løpande blitt betre ved at det er kompensert for uheldige sider ved reguleringa. Hovudutfordringa med at inntektsrammeregluringa ikkje i tilstrekkeleg grad har stimulert til å gjennomføre investeringar må framleis ha merksemd. Med dei utfordringar SFE og regionen står ovanfor, både med tanke på reinvestering og nettinvesteringar utløyst av ny fornybar energi, er det viktig å sikre at investeringsutfordringane er hensynteke i nettreguleringa. Dette gjeld allment, men spesielt for investeringar i regionalnettet.

Frå 01.01.2014 er reguleringa endra ved at 2%-garantert minsteavkastning over 5 år er fjerna, og sett til 0%. 0%-garantien kan bli fjerna frå reguleringa. Endringane medfører stor risikoauke. Bransjen bør arbeide for at NVE/OED i større grad tar i bruk unnataksbestemmelsar for eventuelle store omkostningar i «force-majeur-situasjonar» som t.d. orkanen Dagmar var.

NETTARIFFREGIME:

Med bakgrunn i politiske føringar og vedtak om tariffutjamning vedtok NVE 7. mars 2012 felles nasjonal regionalnettstariff, med verknadstidspunkt 01.01.2014. Bakgrunn for dei overordna føringane har ikkje minst vore urettvis nasjonal fordeling av nettutgiftene, der nettkundar etter dagens tarifforskrift må ta store deler av omkostningane øyremerka ny fornybar kraftproduksjon. I brev av 4. februar 2013 sette OED NVE sitt vedtak til sides, og ønskjer ny gjennomgang av nettstrukturen i ein større samanheng. Eit ekspertutval sett ned av OED skal kome med si tilråding 30. april 2014. Det er avgjerande å gjennomføre forskriftsendringar som sikrar at nettkundene i fornybarområda ikkje vert påført store ekstraomkostningar forårsaka av ny, fornybar produksjon. Denne saka har hatt stor merksemd i SFE i 2014. Det er utarbeidd ein rapport saman med andre samarbeidsselskap, og saka vert følgd opp ovanfor OED og ekspertutvalet.

VASSDIREKTIVET:

EU sitt vassdirektiv er godkjent i Norge og set krav om miljømål for alle vassdrag. Det skal utarbeidast regionale vassforvaltingsplanar fram mot 2015 og SFE vil vere aktiv i denne prosessen. Miljømessige forbetringar i vassdraga kan ein oppnå med fleire ulike virkemiddel, og enkelte kan ha negative konsekvensar for vasskraftproduksjonen. SFE meiner at intensjonen med direktivet er at den totale miljøbelastninga av tiltak i vassdraget skal vere så liten som mogleg, og at framlegg som fører til redusert vasskraftproduksjon derfor må vegast opp mot miljøkonsekvensane av alternative måtar å framskaffe tilsvarande kraftmengde på. Det er vesentleg at tiltak skal bygge på kunnskap og ei total kost-/nyttevurdering for samfunnet der både miljø, klima, forsyningstryggleik og verdiskaping vert vektlagt.

IFRS/FINANSIERING:

For å sikre finansiering av SFE i obligasjonsmarknaden også i framtida vil SFE frå 2014 avlegge konsernrekneskapen etter IFRS-reglane. Dette gjer det mogleg å notere SFE sine obligasjonslån på Oslo Børs, noko som kan gje tilgong til ei breiare investormasse enn i dag. Dette er såleis eit tiltak for å sikre ei framleis trygg finansiering av SFE til gode lånevilkår.

SFE sin prognose for 2014 viser eit resultat som er svakare enn i 2013. Ettersom SFE si hovudinntening er basert på vasskraftproduksjon er konsernet utsett for stor risiko for variasjon i årsresultatet grunna varierende kraftpris og produksjonsvolum/tilsig.

SFE forventar store investeringar dei neste åra i nødvendig nettutbygging og investering i vasskraftanlegg. Selskapet sine planar viser at nærmare 70% av desse investeringane kan eigenkapitalfinansierast.

ÅRSREKNESKAP

FORTSATT DRIFT

Konsernrekneskapen er sett opp under føresetnad av fortsatt drift og styret stadfester at disse føresetnadane er til stades. Etter styret si vurdering har konsernet ein sunn økonomi og eit godt grunnlag for vidare vekst.

RESULTAT

SFE konsernet hadde i 2013 ei omsetning på 1 376 mill. kroner. Dette er ein auke på 216 mill. kroner frå 2012. Grunnen til dette auka kraftinntekter og inntektsramme. Inntektene er fordelt med 959 mill. kroner frå sal av kraft, 373 mill. kroner frå nettinntekter og 43 mill. kr frå andre driftsinntekter.

Driftsresultatet er på 418 mill. kroner, ein auke på 95 mill. kroner frå 2012. Det er betre resultat frå nettdrifta som aukar driftsresultatet. Inntektsramma for nettdrifta er auka vesentleg frå 2012 og dette er grunnen til auke i driftsresultatet på 98 mill. kroner frå denne verksemda samanlikna med fjoråret. Inntektsramma dei komande åra vil ikkje ligge på same nivå som i 2013 og gje reduserte resultat på området dei komande åra.

Konsernet har netto finanskostnader på 113 mill. kroner i 2013. Dette er ein reduksjon på 6 mill. kroner frå 2012. Også i år er det gjort nedskrivningar i aksjepostar. Samla nedskrivning er 12 mill. kroner som er 3 mill. kroner mindre enn i 2012. Nedskrivningane gjeld Vestavind Kraft 8 mill. kroner, Bremangerlandet Vindpark 3 mill. kroner og Fjord Invest med 1 mill. kroner.


Total skattekostnad er på 170 mill. kroner fordelt med 94 mill. kroner på overskotsskatt og 76 mill. kroner på grunnrenteskatt. Dette er ein auke i skattekostnad på 47 mill. kroner frå 2012. Grunnrenteskatten er auka med 15 mill. kroner pga. høgare spotprisar på kraft i 2013 og overskotsskatten er auka med 32 mill. kroner pga. betra resultat. Skattekostnaden utgjer 56% av resultatet før skatt.

Avkastninga på anvendt kapital var i 2013 på 6,3% og eigenkapitalrentabiliteten etter skatt var på 8,9%. Dette er forbetring frå 2012 då eigenkapitalrentabiliteten etter skatt var 6,3%.

Resultatet etter skatt er på 134 mill. kroner, ei betring på 53 mill. kroner frå 2012. I styremeldinga for 2012 vart det signalisert ei forventning om eit betre resultat i 2013 enn i 2012. Resultatet på 134 mill. kroner er i samsvar med signaliserte forventningar.

ÅRSRESULTAT

i tusen kr



BALANSEN

Konsernet har ein totalbalanse på 4 557 mill. kroner. Den renteberande gjelda i SFE er på 1 806 mill. kroner, med tillegg av 188 mill. kroner som er innlån i dotter frå minoritetsaksjonærar. Den bokførte eigenkapitalen pr. 31.12.2013 er på 1 760 mill. kroner og utgjer 38,6% av totalkapitalen. Dette er ein auke i bokført eigenkapital på 471 mill. kroner samanlikna med utgåande balanse 2012. Tilført eigenkapital som minoritetsinteresse frå Tafjord Kraftproduksjon AS og Sognekraft AS i dotterselskapet Svelgen Kraft Holding AS forklarar 326 mill. kroner av auken. Redusert pensjonsforplikting med 135 mill. kroner pga. den lågare diskonteringsrenta på framtidig pensjonsforplikting er den andre viktige grunnen til den kraftige auken i bokført eigenkapital.

Styret si oppfatning er at SFE si finansielle stilling er god. SFE sine kraftstasjonar har ein reell verdi som langt overstig bokført verdi, følgeleg er den verdjusterte eigenkapitalen langt høgare enn bokført eigenkapital.

Totale investeringar i fysiske driftsmiddel var på 243 mill. kroner. Tabellen på neste side viser fordelinga fordelt på forretningsområda og korleis investeringane har utvikla seg over tid:

mill. kr	2013	2012	2011	2010	2009
SFE Nett	178	133	145	77	81
SFE Produksjon/- Firdakraft/ Svelgen Kraft	60	28	16	13	10
Øvrige selskap	5	6	6	7	23
Sum investeringar	243	167	167	97	114

I 2010 vart det investert 1 709 mill. kroner ved kjøp av alle aksjane i Elkem Energi Bremanger AS. Dette er ikkje tatt med i tabellen over sidan dette var eit aksjekjøp. Det er særleg investeringar i nettanlegg som er vesentleg høgare enn for nokre år sidan. Også i dei komande åra vil investeringane i nettanlegg vere høge for å forbetre leveringstryggleiken og for å kunne knytte auka kraftproduksjon inn på nettet.

Styret er ikkje kjend med at det etter balansedagen har oppstått hendingar som har vesentleg innverknad på resultat, balanse eller selskapet si framtid.

Såleis meiner styret at årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av konsernet sine eigendelar, gjeld, finansielle stilling og resultat.

KONTANTSTRAUMANALYSE

Konsernet har hatt ein positiv kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar på 310 mill. kroner.

Investeringsaktiviteten i driftsmidlar og kjøp av aksjar gav ein negativ kontantstrøm på 242 mill. kroner.

Finansieringsaktiviteten gav ein negativ kontantstrøm på 58 mill. kroner. Til saman gjev dette ein auke i bankinnskot, kontantar og liknande på 9 mill. kroner i høve til 2012.





FINANSIELL RISIKO

SFE er eksponert for fleire finansielle risikofaktorar. For å sikre gode resultat og stabile utbytte til eigarane, samt langsiktig verdiskaping, har konsernet etablert ein overordna strategi for styring av risiko knytt til kontantstraum, resultat og verdien av eigendelane. På grunnlag av denne strategien har styret vedteke rammer for risikoeksponeringa innanfor områda krafthandel og finans.

Strategien for krafthandel er å sikre god inntening av kraftproduksjonen. Ein del av krafta som skal produserast i komande periodar er det høve til å prissikre, hovudsakleg gjennom finansielle terminavtaler. Denne strategien inneber at ein har etablert kvantumsgrenser med eit fallande sikringsbelte for kraftprissikring for inneverande år og 3 år fram i tid.

Rentenivået har i tillegg til verknad på finanspostane, også verknad for inntektsramme, grunnrente- og eigedomsskatt samt pensjonskostnadene. Finansstrategien tek sikte på samordning av den totale risikoen når det gjeld rentebinding, plassering av overskotslikviditet og bruk av finansielle instrument. Renterisikoen for SFE sine finanskostnader er avgrensa gjennom aktiv styring av renterisikoen. For å avgrense refinansieringsrisikoen set også finansstrategien rammer for kor stor andel av lånegjelda som kan ha forfall innanfor ein 12-månaders periode.

SFE handlar kraftterminkontraktar i Euro på NASDAQ OMX Commodities, noko som representerer ein valuta-risiko for konsernet. SFE har ein strategi om ikkje å valuta-sikre desse Euro-kontantstraumane.

Sluttbrukaromsetninga var i 2013 på 1 259 GWh, fordelt på ulike kraftprodukt til privat og bedriftskundar. Dette er ein marginforretning der både volum- og prisvariasjonar utgjer ein risiko, og det er derfor utarbeida ein sikringsstrategi som definerer risikorammene for dei ulike kraftprodukt som vert tilbode. Kredittrisikoen for sluttbrukaromsetninga er vurdert å vere låg. Finansielle transaksjonar, inkl. likviditetsplassering, vert gjort mot solide aktørar med høg kredittrating. Ordninga med elsertifikat vart innført 01.01.2012. SFE sitt føremål med handel av elsertifikat er å kjøpe pålagt kvote til sluttkundar. Kjøpa skal skje etter ein strategi som gjev låg risiko, med ein tilstrekkelig fleksibilitet til å utnytte prisvariasjonar.

Likviditeten til konsernet er god. SFE har ein kassakreditt på 100 mill. kroner samt trekkrettar på 200 mill. kroner som likviditetsbuffer. Trekkrett og kassekreditt var unytta ved årsskiftet. I tillegg stiller Danske Bank ein garanti-kreditt på 15 mill. EURO for finansiell krafthandel NASDAQ OMX Commodities og 15 mill. NOK som garanti mot Statnett og Nord Pool Spot.

Styret mottek jamleg rapportering om konsernet si økonomiske utvikling og risikoutvikling.

FOU

I 2013 starta SFE, saman med Fredrikstad Energi AS og eSmart System FoU- og IFU-prosjektet «Intelligent driftssystem for utnyttelse av fleksibiliteten i smarte nett». Prosjektet er planlagt gjennomført i perioden 2013-2016, med eit samla budsjett på 50 mill. kroner, av dette 10 mill. kroner frå SFE i form av kontantinnskot (6,56 mill. kroner) og personellressursar (3,3 mill. kroner). Prosjektet har fått tilsagn på 10,5 mill. kroner frå Innovasjon Norge. NVE har godkjent at dette prosjektet kan hovudfinansierast ved den nye FoU-finansieringa, der ein årleg kan inntektsføre inntil 0,3% av nettkapitalen til godkjende FoU-prosjekt. Eit IFU-prosjekt skal bidra til å utvikle nye kommersielle produkt ut frå gode idear, skal ha element av både forskning og utvikling, og skal gjennomførast i samarbeid mellom leverandør og ein eller fleire kundar. Prosjektet har som mål å levere neste generasjons IT-plattform for energibransjen. Utgangspunktet er å utvikle/sette ny teknologi i system for å handtere morgondagens nett og kundar, der stikkord er utnytting av AMS-informasjonen, vesentleg større innslag av distribuert produksjon, prosumentar og ny sensor-teknologi.

SFE har bidrege vesentleg saman med bransjen for å etablert ingeniørutdanning i elkraft/energi/miljø ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Studietilbodet vart starta opp hausten 2012, og studiet vert delfinansiert av energibransjen med ca. kr 800 000,- pr. studieår, med start hausten 2012 og avslutning på stønadsperioden våren 2016. I tillegg er det finansierte laboratorium, samt ytt personellressursar knytt til fagplanar, gjesteforelesing etc.

SFE har samarbeid med forskingsprogram Fornybar Energi ved Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane. SFE deltek i bransjefinansiering av stillingar og FoU ved Vassdragslaboratoriet ved NTNU, og gjennom direkte bidrag til bransjefinansiert, miljøretta energiforskning organisert gjennom Energi Norge.


SFE er aksjonær i utviklings- og såkornfonda Fjord Invest AS og Fjord Invest SørVest AS. Vidare har SFE stor aktivitet innan fornybar energi og brukar ressursar på forretnings-utvikling. Mellom anna er SFE medeigar i datalagringselskapet Norwegian Datacenter Group AS. Selskapet skal nytte fornybar energi til kjøling av dataservertar i gamle gruvehallar på Lefdal i Nordfjord.

ARBEIDSMILJØ, LIKESTILLING OG DISKRIMINERING


Sjukefråværet i SFE er framleis lågt. Dette er eit resultat av eit langsiktig og systematisk HMS-arbeid med bidrag og engasjement frå alle i heile konsernet. Det er summen av mange enkeltårsaker som gir lågt sjukefråvær, der mellom anna høg trivsel og høgt jobbenngasjement truleg er av dei viktigaste årsakene. I 2013 var sjukefråværet på 3,13% mot 2,91% i 2012. Styret si vurdering er at sjukefråværet er lågt, sjølv om det har auka frå 2012 og ligg over konsernet si ambisiøse IA-målsetting om eit sjukefråvær under 2,5%.

SJUKEFRÅVÆR

■ Langtidssjukefråvær ■ Korttidssjukefråvær (1-6 dagar)



SKADEFRÅVÆRSFREKVENNS (H1)



Skadefrånærfrekvens (H1-verdi; Antal fråverssskadar pr 1 million arbeidstimar) var på 11,2 mot 10,9 i 2012. Ikkje nokon av desse skadane kom som fylgje av brot på lover, forskrifter eller interne rutinar. Andre HMS-nøkkeltal er skadefrekvens (H2-verdi; Antal skadar, med eller utan fråver, pr 1 million arbeidstimar) på 15,7 (17,4 i 2012) og skadefrånær (F-verdi; Antal frånærds dagar grunna skadar pr. 1 million arbeidstimar) på 164 (253 i 2012). Det er i 2013 registrert 7 arbeidsuhell med skader, 5 av desse har medført frånær. 6 av uheilla skjedde i nettselskapet og 1 i produksjonsselskapet. Skadane har medført 73 frånærds dagar (84 i 2012). Med mål om null ulukker og null skader vil arbeidet med å redusere desse bli viktig i det framtidige HMS-arbeidet. Styret er uroleg over skadefrekvensen og vil følgje dette nøye opp framover.

SFE gjennomførte ei organisasjonsmåling i 2013. Dette var ei oppfølging av tilsvarande målingar gjort tidlegare. Resultatet frå målinga viser mellom anna at tilsette sine helseplager knytt til arbeidet er avtakande og at tilsette opplever sine leiarar og kollegaer som positivt opptekne av HMS-arbeidet. Generelt er motivasjon hos dei tilsette til å gjere ein god jobb svært høg og trivselen på arbeidsplassen er god.

Ved utgangen av året var det 246 tilsette, fordelt på 237 årsverk. Av desse var 51 kvinner (20%) og 195 menn (80%). I tillegg kjem 13 lærlingar.

SFE sin personalpolitikk skal stimulere til aktiv likestilling. Det skal vere lik løn for likt arbeid og lik vurdering ved individuell lønsfastsetting som er basert på resultatoppnåing, fleksibilitet og kompetanse. Det er lagt vekt på likestilling både ved intern og ekstern rekruttering. Konsernstyret har totalt 9 medlemmer samansett av 6 aksjonærvalte og 3 valt mellom dei tilsette. Styret har 2 kvinnelege medlemmer valt av aksjonærane. Dei 2 heileigde dotterselskapa SFE Produksjon AS og SFE Nett AS har 4 styremedlemmer kvar. I SFE Kraft AS er styret utvida med eitt medlem til 5 styremedlemmer. I desse styra er det ein kvinneleg styrerepresentant i selskapet SFE Kraft AS, valt av dei tilsette. Det er ingen kvinner i konsernet si leiargruppe.

SFE følgjer diskrimineringslova sine føresegner. Dette inneber mellom anna at vi arbeider for å hindre diskriminering i samband med rekruttering, løns- og

arbeidsvilkår, utviklingsmoglegheiter og tilrettelegging av arbeidsplassen for den enkelte medarbeidar. Som eit konkret døme på det siste kan nemnast at SFE har hatt fokus på universell utforming av bygg. SFE sine administrasjonsbygg har vore igjennom ei omfattande ombygging dei siste åra. For å støtte krava til universell utforming har vi fått på plass heis og rullestolramper. Vi meiner med det at administrasjonsbygga våre er godt tilrettelagd for alle.

Styret takkar alle tilsette og tillitsvalde for god innsats og godt samarbeid i året som er gått.

YTRE MILJØ

Ser ein bort frå reiseverksemda, medfører ikkje aktivitetane i SFE direkte forureining eller utslepp som kan skade det ytre miljøet. Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi som er miljøvennleg i forhold til annan energi, og som ikkje medfører klimautslepp eller forureining av det ytre miljøet. Både kraftleidningar og utbygging og drift av vasskraftanlegg fører til inngrep i naturen og påverkar miljøet.

SFE legg vekt på å førebygge og avgrense uønska miljøkonsekvensar og tek gjennom oppfølging av reguleringsføresegner, minstevassføring, utlegging av fiskeegg, bygging av tersklar osv. omsyn til miljøet i regulerte vassdrag. Ved bygging av nye anlegg vert miljøverknader grundig vurdert.

SFE har eigen Vassdragsteknisk Ansvarleg og følgjer systematisk opp tilstand, tryggleik og miljøforhold på anlegga.

Det er innført kjeldesortering av avfall ved alle anlegg i konsernet.

Alt straumforbruk i konsernet sine eigne bygg er dekkja ved opphavsgarantiar frå SFE sin eigen produksjon i Åskåra I. Forbruket er såleis dokumentert som ikkje-forureinande og i tråd med ordninga slik NVE føreskriv.

Hovudkontoret på Sandane og administrasjonsbygget i Florø har installert heis og alle byggingstiltak blir utført etter krava til universell utforming. Bygga er sertifisert som Miljøfyrtårn, og er energimerka i samsvar med gjeldande regelverk frå NVE.

ÅRSRESULTAT OG DISPONERINGAR

Styret har etter drøfting med eigarane nedfelt retningslinjer for selskapet sin utbyttepolitikk. SFE skal gjennom utbytte og verdiauke på selskapet gje aksjonærane ei konkurransedyktig avkastning samanlikna med alternativ investering med tilsvarende risiko. Retningslinjer om ein utbyttepolitikk med 70% utbytte av årsresultatet etter skatt, vart vedtatt av selskapet si generalforsamling i juni 2008.


Avsett utbytte på 101 mill. kroner er i samsvar med vedteken utbyttepolitikk.

Styret har slikt framlegg til disponering av årsoverskotet i morselskapet:

Overført til annan eigenkapital	14,9 mill. kroner
Avsett til utbytte	100,6 mill. kroner
Sum disponert	115,5 mill. kroner

UTBYTTE

i tusen kr



Berlin 29.03.2014

Per Atle Kjøllesdal
styreleiar

Birger C. Schønberg
nestleiar

Arvid Lillehaug
styremedlem

Olin Johanne Henden
styremedlem

Kristin Linnerud
styremedlem

Bengt Solheim Olsen
styremedlem

Oddmund Årdal
styremedlem

Kjell Asle Bakkebo
styremedlem

Geir Magne Evebø
styremedlem

Terje Gjengedal
konsernsjef

RESULTATREKNESKAP

KONSERN			SOGN OG FJORDANE ENERGI AS				
2011	2012	2013		Note	2013	2012	2011
Tali 1000 kr							
			Driftsinntekter:				
1 146 243	857 615	959 260	Sal av kraft	2,15,22,23	0	0	0
195 673	257 581	373 170	Sal av overføringstenester	3,23	0	0	0
44 462	44 776	43 462	Andre driftsinntekter	4	59 861	56 929	53 081
1 386 378	1 159 972	1 375 893	SUM DRIFTSINTEKTER		59 861	56 929	53 081
			Driftskostnader:				
604 765	337 303	427 823	Kjøp av kraft	2	0	0	0
53 494	48 625	45 484	Kjøp av overføringstenester		0	0	0
171 582	179 618	199 711	Løn og sos. kostn.	5,19	37 505	34 321	33 511
-36 146	-36 784	-50 936	Aktivering av eigne tilvirka driftsmiddel	5	0	0	-40
119 553	125 314	129 308	Avskrivningar	10	5 223	5 476	4 700
0	1 800	11 939	Nedskrivning	10	0	0	0
62 901	47 004	57 301	Eigedomsskatt/avgifter	7	259	277	268
135 526	134 519	137 653	Andre driftskostnader	5,6	22 084	19 595	16 768
1 111 676	837 400	958 282	SUM DRIFTSKOSTNADER		65 071	59 668	55 207
274 702	322 572	417 611	DRIFTSRESULTAT		-5 210	-2 739	-2 126
			Finansielle poster:				
			Resultat frå investering i				
-1 474	551	2 909	dotterselskap og tilknytta selskap	11	190 000	92 000	76 000
21 589	13 563	15 075	Finansinntekter	3,8,15	82 404	79 539	92 020
130 631	132 918	131 266	Finanskostnader	8,21	104 310	92 211	101 584
110 516	118 804	113 282	NETTO FINANSKOSTNADER		-168 094	-79 328	-66 436
164 186	203 768	304 329	ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATT		162 883	76 588	64 310
51 280	62 272	94 486	Overskottsskatt	9	47 359	22 370	18 152
102 716	60 439	75 496	Grunnrenteskatt	9	0	0	0
153 996	122 711	169 982	SUM ORDINÆR SKATTEKOSTNAD		47 359	22 370	18 152
10 190	81 057	134 347	ORDINÆRT RESULTAT ETTER SKATT		115 524	54 219	46 158
5 384	-1 356	-9 843	Av dette minoritetsandel				
4 805	82 412	144 189	Av dette SFE sin andel				
			Overføringer:				
			Overført til (+)/frå (-) annan eigenkapital				
				17	14 937	-3 471	6 219
			Foreslege utbytte				
				17	100 587	57 690	39 939
			SUM OVERFØRINGAR		115 524	54 219	46 158

BALANSE EIGEDLAR

KONSERN

2011 2012 2013

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Note 2013 2012 2011

ANLEGGSMIDLAR:

Immaterielle eigendelar:

Tali 1000 kr

0	0	0	Utsett skattefordel alminneleg inntekt	9	2 423	10 332	9 370
0	0	0	Utsett skattefordel grunnrenteinntekt	9	0	0	0
0	0	1 061	Portal- og forvaltningsl�sling	10	0	0	0
1 366 766	1 366 224	1 365 680	Fallrettar	10	0	0	0
406 669	397 184	374 055	Andre rettar	10	0	0	0
11 835	5 990	3 594	Goodwill	10	0	0	0
1 785 270	1 769 398	1 744 390	Sum immaterielle eigendelar		2 423	10 332	9 370

Varige driftsmidlar:

84 474	90 754	103 207	Div. anleggsaktiva	10	8 120	8 303	8 480
1 150 687	1 127 510	1 114 724	Kraftstasjonar	10,21,23	0	0	0
697 449	747 348	815 965	Nettanlegg	10,22	0	0	0
108 934	107 996	105 627	Faste eigedomar	10,21	68 765	70 183	70 413
61 314	83 565	135 065	Prosjekt under arbeid	10	476	1 172	30
2 102 857	2 157 172	2 274 587	Sum varige driftsmidlar		77 362	79 657	78 924

Finansielle anleggsmidlar:

0	0	0	Investering i dotterselskap	11	1 217 815	1 232 060	1 231 844
66 890	62 030	56 939	Investering i tilknyttta selskap	11	9 782	9 782	9 782
0	0	0	L�n til selskap i same konsern	13	1 584 868	1 608 600	1 617 000
33 442	24 249	23 586	Investeringar i aksjar og andelar	11	21 762	22 097	24 785
35 572	34 953	29 508	Utl�n/Langsiktige fordringar	5,12	22 191	22 221	20 404
135 904	121 232	110 033	Sum finansielle anleggsmidlar		2 856 419	2 894 760	2 903 815
4 024 031	4 047 802	4 129 009	Sum anleggsmidlar		2 936 204	2 984 749	2 992 108

OMLAUPSMIDLAR:

12 147	13 090	12 522	Behaldning av driftsmateriell		0	0	0
--------	--------	--------	-------------------------------	--	---	---	---

Fordringar:

147 072	149 294	140 765	Kundefordringar	13,21	366	634	404
18 245	26 397	86 644	Andre kortsiktige krav	3,13,14	221 174	175 376	118 669
165 317	175 691	227 409	Sum fordringar		221 540	176 010	119 073

0	7 083	12 977	Elsertifikat	16	0	0	0
219 993	166 036	175 440	Kasse, bank etc.	16	78 661	20 035	71 411

397 457	361 900	428 348	Sum omlaupsmidlar		300 202	196 045	190 485
----------------	----------------	----------------	--------------------------	--	----------------	----------------	----------------

4 421 488	4 409 701	4 557 358	SUM EIGEDLAR		3 236 405	3 180 794	3 182 593
------------------	------------------	------------------	---------------------	--	------------------	------------------	------------------

Per Atle Kj llesdal
styreleiar

Birger C. Sch nberg
nestleder

Arvid Lillehaug
styremedlem

Kristin Linnerud
styremedlem

Olin Johanne Henden
styremedlem

BALANSE GJELD OG EIGENKAPITAL

KONSERN

2011 2012 2013

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Note 2013 2012 2011

EIGENKAPITAL:

Tali 1000 kr			Innskoten egenkapital:					
739 611	739 611	739 611	Aksjekapital	17,18	739 611	739 611	739 611	
59 588	59 588	59 588	Overkurs	17	59 588	59 588	59 588	
799 199	799 199	799 199	Sum innskoten egenkapital		799 199	799 199	799 199	
			Opptent egenkapital:					
0	0	0	Annan egenkapital	17	204 190	165 236	170 267	
254 141	274 802	426 633	Konsernfond	17	0	0	0	
254 141	274 802	426 633	Sum opptent egenkapital		204 190	165 236	170 267	
217 226	215 871	534 552	Minoritetsinteresser	17	0	0	0	
1 270 566	1 289 872	1 760 384	Sum egenkapital		1 003 388	964 435	969 466	

GJELD:

			Avsetting for forpliktingar:					
218 500	225 902	90 394	Pensjonsforplikting	19	18 420	45 806	42 098	
130 179	125 933	195 876	Utsett skatt forplikting alm. inntekt	9	0	0	0	
29 018	28 704	33 155	Utsett skatt forplikting grunnrenteinntekt	9	0	0	0	
29 924	27 946	29 849	Avsetting for forpliktingar	20	0	0	0	
407 621	408 485	349 273	Sum avsetting for forpliktingar		18 420	45 806	42 098	
			Langsiktig gjeld:					
1 400 000	1 300 000	1 506 000	Obligasjonslån	15,20,21	1 506 000	1 300 000	1 400 000	
0	0	0	Gjeld til selskap i same konsern	13,20	100 000	100 000	100 000	
0	0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	20,21	0	0	0	
528 000	521 400	188 469	Øvrig langsiktig gjeld	20	0	0	0	
1 928 000	1 821 400	1 694 469	Sum langsiktig gjeld		1 606 000	1 400 000	1 500 000	

Kortsiktig gjeld:

350 000	500 000	300 000	Sertifikatlån/Gjeld til kredittinstitusjonar	20	300 000	500 000	350 000
0	0	0	Kassakreditt	21	0	0	0
51 371	48 936	40 699	Leverandørgjeld	13	3 110	2 697	3 144
181 932	124 349	147 630	Betalbar skatt	9	48 333	22 640	17 157
53 789	52 119	50 429	Skuldige offentlege avgifter, skattetrekk etc		1 694	1 313	1 488
39 939	57 690	100 587	Avsett til utbytte	17	100 587	57 690	39 939
138 270	106 850	113 888	Anna kortsiktig gjeld	13	154 873	186 213	259 301
815 301	889 944	753 232	Sum kortsiktig gjeld		608 597	770 553	671 029
3 150 922	3 119 829	2 796 974	Sum gjeld		2 233 017	2 216 359	2 213 127

4 421 488 4 409 701 4 557 358 SUM GJELD OG EIGENKAPITAL 3 236 405 3 180 794 3 182 593

Berlin 29.03.2014

Bengt Solheim-Olsen
styremedlem

Oddmund Årdal
styremedlem

Geir Magne Ebebø
styremedlem

Kjell Asle Bakkebo
styremedlem

Terje Gjengedal
konsernsjef

KONTANTSTRAUMANALYSE

KONSERN

2011 2012 2013

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

2013 2012 2011

KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:

164 186	203 768	304 329	Ordinært resultat før skattekostnad	162 883	76 588	64 310
-143 701	-181 937	-108 570	Betalte skattar i perioden	-22 640	-17 158	-44 385
119 553	125 314	129 308	Avskrivningar	5 223	5 476	4 700
0	1 800	11 939	Nedskrivningar	0	0	0
			Kostnad(+)/Inntekt (-) frå investering			
1 474	-551	-2 909	i tilknytta selskap utan kontanteffekt	0	0	0
603	-943	568	Endring i beholdning av driftsmateriell	0	0	0
3 013	483	7 892	Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av aksjar og driftsmidler	1 045	0	0
4 897	15 105	9 707	Nedskrivning av aksjar	4 510	3 188	430
27 866	-2 222	8 529	Endring i kundefordringar	268	-230	93
-29 513	-2 435	-8 237	Endring i leverandørgjeld	413	-447	29
0	-7 083	-5 894	Endring i kortsiktige finansplasseringar	0	0	0
-8 079	430	23 851	Endring i pensjonsforpliktingar	5 513	1 542	-1 881
211 429	-40 126	-60 246	Endring i andre tidsavgrensingspostar	-168 756	-206 269	287 828
351 728	111 602	310 266	Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	-11 541	-137 309	311 123

KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:

-167 031	-166 963	-243 338	Utbetalningar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-3 064	-6 210	-4 938
330	263	1 780	Innbetalningar ved sal av varige driftsmidler	135	0	0
0	0	100	Innbetaling ved sal av aksjar, andelar eller tilbakebetaling av kapital	424 832	0	0
-47 760	-500	-1 145	Utbetalningar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	-476	-500	-20 558
-13 397	-1 821	-1 000	Utbetaling ved utlån	-401 000	-1 821	-313 397
0	0	1 030	Innbetaling frå utlån	1 030	3	3
0	0	0	Innbetaling av avdrag frå døtrer	8 400	8 400	47 600
-227 858	-169 021	-242 573	Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	29 857	-129	-291 290

KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:

456 000	150 000	400 000	Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	400 000	150 000	456 000
0	0	326 331	Innbetaling eigenkapital		0	0
-443 400	-256 600	-526 931	Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-194 000	-250 000	-506 000
550 000	900 000	650 000	Innbetaling ved opptak av ny kortsiktig gjeld	650 000	900 000	550 000
-600 000	-750 000	-850 000	Utbetaling ved reduksjon av kortsiktig gjeld	-850 000	-750 000	-600 000
0	0	0	Mottak av konsernbidrag	92 000	76 000	191 000
-90 011	-39 939	-57 690	Utbetaling av utbytte	-57 690	-39 939	-90 011
-127 411	3 461	-58 290	Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	40 310	86 061	989

-3 541	-53 958	9 404	Netto endring i kontantar og ekvivalentar	58 627	-51 377	20 822
223 534	219 993	166 036	Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	20 035	71 411	50 589
219 993	166 036	175 440	Behaldning av kontantar og ekvivalentar 31.12	78 661	20 035	71 411



NOTAR TIL REKNESKAPEN 2013

1 REKNESKAPSPRINSIPP
Sogn og Fjordane Energi AS og SFE sin konsernrekneskap er ført i samsvar med rekneskapslova av 1998 og reglane for god rekneskapsskikk i Noreg.

GRUNNLEGGANDE FORHOLD

Konsernrekneskapen viser det samla økonomiske resultat og økonomiske stilling ved at morselskapet og eigardelar i andre selskap vert presentert som ei økonomisk eining. Selskap der konsernet har bestemmande påverknad er konsolidert. Minoriteten sin del av resultatet etter skatt er presentert på eiga line. Felleskontrollerte verksemdar er presentert etter bruttometoden. Tilknytt selskap der konsernet har strategisk interesse og betydeleg påverknad og eigardel på 20-50% er vurdert etter eigenkapitalmetoden. Eigardelar som er definert som finansielle investeringar er vurdert etter kostmetoden uansett eigardelen sin storleik.

Årsrekneskapen for SFE konsernet består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar. Konsernet består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dotterselskapa SFE Nett AS, SFE Kraft AS, SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Svelgen Kraft AS og Svelgen Kraft Holding AS.

Desse selskapa er i rekneskapen ført som tilknytt selskap til konsernet:

Selskap	Eigardel
Innvik Kraftverk AS	30%
Vestavind Kraft AS	35%
Eninvest AS	38,75%
Fossheim Energiverk AS	30%
Etrygg AS	45%

Alle interne resultat- og balansepostar som skuldast interne transaksjonar er utlikna. Ved konsolideringa er anskaffelseskostnaden til aksjane i dotterselskapa eliminert mot eigenkapitalen på oppkjøpstidspunktet. Meir- og mindreverdier av aksjane i dotterselskapa i forhold til bokført eigenkapital i selskapa er i konsernrekneskapen fordelt til dei ulike eigedelane i dotterselskapa og vert avskrive planmessig. Meirverdi utover den som er fordelt til dei ulike eigedelane er aktivert som goodwill.

Rekneskapslova § 5-8 seier at ein del finansielle instrument og varederivat skal vurderast til verkeleg verdi. For SFE betyr dette at finansielle kraftkontraktar handla på NASDAQ OMX Commodities som inngår i tradingportefølje er vurdert til verkeleg verdi. Derimot er finansielle kraftkontraktar som inngår i ei sikringsportefølje ikkje vurdert til verkeleg verdi, men underlagt kontantstraumsikring. Denne sikringsbokføringa medfører at den finansielle kraftkontrakta vert rekneskapsført parallelt med avrekninga av kontrakta. Også inngåtte valutaterminar som skal sikre framtidige kontantstraumar i valuta er underlagt kontantstraumsikring. Rentederivat som ikkje er dedikerte sikringsinstrument mot låneporteføljen er i samsvar med rekneskapslova §5-2 vurdert

etter lågaste verdis prinsipp, medan rentederivat som er dedikert mot bestemte innlån er underlagt kontantstrømsikring.

SFE omset ein stor del av sin kraftproduksjon på NordPool Spot. Finansiell handel på NASDAQ OMX Commodities og fysisk handel med kraft på NordPool Spot er i Euro. SFE har vedteke ein valutastrategi der forventta euro-kontantstrøm ikkje skal valutasikrast.

PRINSIPP FOR INNTEKTS- OG KOSTNADSFØRING

Inntektsføring i rekneskapan skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Utgifter vert samanstilt med og vert kostnadsført samtidig med dei inntektene som utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter vert kostnadsført når dei påløper.

For anleggskontrakter der vi forventar tap, vert det gjort avsetning for nettokostnaden av resterande kontraktsfesta forplikting.

All fysisk krafthandel er ført brutto i resultatrekneskapan, medan nettoresultatet av finansiell sikring er ført under driftsinntekter. Resultatet av tradingaktivitet i kraftmarknaden er ført netto og rekneskapsført på same line som sal av kraft. Effekten av valutaforhold er rekneskapsført på same line som kraftleveransen valutaresultatet knyter seg til.

Hovuddelen av rentekostnadene er knytt til offentleg utlagde obligasjonslån. Som sikrings-instrument på låneporteføljen nyttar SFE derivat som swap-avtalar, renteopsjonar og F.R.A.-kontraktar.

Nettverksemda vert regulert av styresmaktene ved at Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) fastset årlege inntektsrammer for kvart selskap. Inntektsramma skal gje grunnlag for ei rimeleg avkastning på investert kapital for bransjen totalt sett.

NVE fastsett årleg inntektsramme for det enkelte nettselskap. Inntektsramma er det beløpet som NVE tillèt at den enkelte konsesjonær kan krevje inn som nettleige frå sine kundar. Dei årlege inntektsrammene er gjevne ut frå parameter som nettselskapet sitt kostnadsnivå, kostnadsnivået til samanliknbare nettselskap, kraftpris, rentenivå, verdien av nettanlegga, feilstatistikk og generell prisstigning. Kraft som ikkje kjem fram til kundar ved feilsituasjonar blir verdsett etter ein samfunnsøkonomisk pris. Kostnaden ved avbrot vert rekneskapsmessig ført som reduksjon av inntektsramma som nettselskapet kan krevje inn frå kundane.

Kvart år vert avviket mellom faktiske innkravd inntekt frå kundane og tillaten inntekt berekna i form av ei meir-/mindreinntekt. Akkumulert meir-/mindreinntekt (saldo)

vert balanseført og bokført netto som anten gjeld eller fordring til nettkundane. Akkumulert meir-/mindreinntekt vert renterekna i samsvar med rentesats og prinsipp fastsett av NVE. Tilbakeføring av meir-/mindreinntekt skjer gjennom justering av nettariffane.

HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASSIFISERING AV BALANSEPOSTAR

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omlaupsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventta å vere forbigåande. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omlaupsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omlaupsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadsverdi. Unntak frå dette er finansielle omlaupsmiddel som inngår i ein handelsportefølje.

Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

IMMATERIELLE EIGEDELAR

For å kunne balanseføre utviklingsarbeid som immateriell eigedel, må ein kunne identifisere utviklingsarbeidet, dvs. at det er mogeleg å skilje ut og kan seljast eller leigast ut, eller på annan måte overføre dei framtidige økonomiske fordelane knytt til eigedelen.

I konsernrekneskapan er det balanseført verdier av fallrett knytt til Svelgen III og IV. Verdien av fallretten er framkomen som skilnaden mellom den totale verdien av kraftverket og fallrett med frådrag av gjenanskaffelseskostnaden for dei fysiske driftsmidla involvert i vasskraftproduksjonen i det aktuelle kraftverket.

Det er også aktivert goodwill knytt til tidlegare oppkjøp. Denne goodwillen er knytt til synergjar ved drifting av selskapa samla. Dette er drifting av kraft- og nettanlegg med lang levetid. Goodwillen knytt til dette oppkjøpet vert derfor avskrive over 15 år frå oppkjøps-tidspunktet.

Svelgen Kraft leiger kraftverka Svelgen I og II med Statkraft fram til 2030. Ved kjøp av aksjane i Elkem Energi Bremanger/Svelgen Kraft frå Elkem Energi vart det allokert verdi til leigeavtala i konsernrekneskapan. Denne bokførte verdien vert avskrive lineært over leigeperioden.

Svelgen Kraft har rett til å motta 10 GWh kraft vederlagsfritt frå SFE Produksjon AS som kompensasjon for ei kraftutbygging som vart gjennomført rundt 1970. Denne retten er balanseført i konsernrekneskapen. Retten vert ikkje avskriven sidan den er evigvarande.

VARIGE DRIFTSMIDDEL OG AVSKRIVINGAR

Varige driftsmiddel vert avskrive lineært over forventa levetid. Avskrivning vert i all hovudsak starta året etter investeringsåret. Eigne investeringsarbeid vert aktiverte på driftsmiddelet etter marknadsmessig timesats. Det vert aktivert byggelånsrenter på større investeringar med byggetid på meir enn 6 månadar, medan meir ordinære investeringar ikkje vert aktiverte med byggelånsrenter. Motteke anleggsbidrag går til frådrag i kostpris på driftsmiddelet. Vedlikehaldsutgifter vert kostnadsførte når utgifta vert betalt.

BEHALDNING AV DRIFTSMATERIELL

Verdien av lagerført materiell for drift og vedlikehald er ført opp etter innkjøpskost. Oppføringa samsvarar med listepriis frå leverandør. I rekneskapen er det avsett for ukurans.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringar. I tillegg er det for andre kundefordringar avsett ein uspesifisert avsetning for å dekke forventa tap.

PENSJONAR

Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som ikkje er ein innskotsplan. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytelsesplan, vert forpliktinga kostnadsført over oppteningstida i samsvar med planen sin formel for opptening. Allokering metode tilsvarar planen sin oppteningsformel med mindre det vesentlege av oppteninga skjer mot slutten av oppteningsperioden. Lineær oppteningsprofil vert då lagt til grunn.

SFE rekneskapsfører pensjon i samsvar med IAS 19 slik NRS 6 gir høve til. Årlege estimatavvik vert balanseført mot eigenkapitalen. Estimert pensjonskostnad ved utløpet av forrige rekneskapsår dannar grunnlaget for pensjonskostnaden for neste år. Avvik mellom estimert pensjonskostnad og faktisk pensjonskostnad vert balanseført direkte mot eigenkapitalen saman med aktuarielle gevinstar og tap i perioden.

Netto pensjonsforplikting er differansen mellom noverdien av pensjonsforpliktingane og verdien av pensjonsmidlane som er avsett for betaling av ytingane.

Pensjonsmidlane vert vurdert til verkeleg verdi. Måling av pensjonsforplikting og pensjonsmidlane vert gjort på balansedagen. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala og er rekna av faktisk under-finansiering. AFP-forpliktingar innafor LO/NHO-ordninga er ein fleirforetaksordning etter ein ytelsesplan, men som vert rekneskapsført som etter ein innskotsplan då den ikkje kan målast.

GODTGJERSLER

SFE utbetalar godtgjersler i samband med overtaking av bruks- og fallrettar.

For utbygde kraftverk er eingongsgodtgjersler aktivert og vert avskrive over anlegget si levetid, medan årlege godtgjersler for utbygde anlegg vert kostnadsført. For rettar som ikkje er utnytta, vert dei årlege godtgjerslene kostnadsførte.

ANDEL I ANDRE KRAFTVERK

SFE Produksjon AS eig ein del i Leirdøla kraftverk på 35%. Leirdøla inngår i rekneskapen etter bruttometoden. Avskrivningane inngår i posten avskrivningar i rekneskapen. Sal av kraft frå Leirdøla er inkludert i posten sal av kraft, og driftskostnader for SFE Produksjon AS sin del er inkludert i posten andre driftskostnader. Grunnrente-, naturressurs- og eigedomsskatten for Leirdøla vert utlikna på SFE Produksjon AS si hand og er inkludert i desse postane i rekneskapen.

LEIGDE KRAFTVERK

SFE Produksjon AS leiger kraftverka Eidsfossen, Trysilfossen og Ebebøfossen av Gloppen kommune. Leigekontrakten går over 20 år frå 01.01.95. Det er betalt ei forskotsleige på 65 millionar kroner. Denne forskotsleiga er ført i balansen som ei langsiktig fordring. 1/20 av leigebeløpet vert årleg kostnadsført. Reinvesteringar vert aktivert i balansen som avskrivbare anleggsmiddel i samsvar med leigekontrakten med Gloppen kommune. Sal av kraft frå dei leigde stasjonane inngår i posten sal av kraft. Gjennom Høgsterettsdom i 2005 er SFE Produksjon AS tillagt skatteplikta for naturressurs- og grunnrenteskatt for desse kraftverka.

Svelgen Kraft AS leiger kraftverka Svelgen I og II med Statkraft fram til 31.12.2030. Leiga Svelgen Kraft AS betaler til Statkraft vert kostnadsført løpande som kraftkjøpskostnad og inntekt Svelgen Kraft AS har frå sal av kraft produsert i Svelgen I og II vert inntektsført som kraftinntekt løpande. Svelgen Kraft AS har ikkje særskatteplikta for grunnrente- og natur-ressursskatt for desse kraftverka.



MAGASINFYLLING

I samsvar med vanleg praksis i bransjen vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin er likevel vesentleg for vurdering av rekneskapsmessige resultat for selskapet.

KRAFTKONTRAKTAR

Alle kjøps- og salskontrakter blir periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir periodiserte i høve til leverings- og mottakstidspunkt. Kraftkontraktane er delt inn i tre porteføljer. Ei produksjonsportefølje, ei tradingportefølje og ei sluttbrukportefølje. Kvar portefølje vert vurdert for seg med gjennomsnittspris på sals- og kjøpskontraktar med samanfallande leveringsperiodar.

Rekneskapsreglane tillèt i dag to metodar for sikringsbokføring. Den eine metoden er at meir-/mindreverdiar på sikringsinstrumentet vert helde utanfor balansen. Den andre metoden er at meir-/mindreverdiar vert teke inn i balansen og med eigenkapitalen som einaste motpost. SFE har valt den første metoden der meir-/mindreverdiar ikkje vert tatt med i balansen.

PRODUKSJONSPORTEFØLJEN:

Produksjonsporteføljen inneheld i tillegg til eigenproduksjonen, alle sals- og kjøpskontraktar som er inngått med grunngjeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Dette gjeld både fysiske og finansielle kraftkontraktar. Også sals- og kjøpsopsjonar inngår i produksjonsporteføljen. For kraftsals- og kraftkjøpskontraktar med levering for neste år, vert same sesong samanstillt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i porteføljen vert kostnadsført. For kraftkontraktar med levering seinare enn neste år vert same år samanstillt og evt. urealiserte tap vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført. Eigenproduksjonen vert i denne vurderinga lagt inn som ei kjøpskontrakt med kjøpspris lik sjølvkost.

SFE Produksjon AS handlar finansielle instrument, primært på NASDAQ OMX Commodities, for å optimalisere verdiane og redusere risikoen som ligg i kraftporteføljane. Finansielle instrument som vert handla er forwards, futures og opsjonar på NASDAQ OMX Commodities. Det vert også handla forwards og opsjonar bilateralt. Opsjonspremiar vert resultatført parallelt med det underliggende produktet, med unntak av opsjonar for påfølgande år som på balansetidspunktet var verdilause, desse vert kostnadsførte i inneverande år. Ved utgangen av 2013 hadde SFE ingen finansielle kraftopsjonar.

Resultatet av sikringshandelen vert ført på same rekneskapsline som resultatet av den sikra posisjonen.

SLUTTBRUKPORTEFØLJEN:

Sluttbrukporteføljen inneheld alle kontraktar ut til slutt-kundar og prissikringa som er gjort av desse kontraktane. Kraftsals- og kraftkjøpskontraktar med levering i same periode vert samanstillt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i porteføljen vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført.

Resultatet av sikringshandelen vert ført på same rekneskapsline som resultatet av den sikra posisjonen.

Konsernet har også ei forvaltingsportefølje for andre partar. SFE konsernet har ingen marknadsrisiko knytt til denne forvaltninga, og det påverkar ikkje konsernet sitt rekneskapsmessige resultat.

Innkjøp av elsertifikat vert rekneskapsmessig behandla på same måte som innkjøpt kraft og vert såleis kostnadsført parallelt med kraftleveransen. Elsertifikat vert vist brutto i balansen. Forpliktelsen tilsvarar lågaste verdi av kost og summen av observerbar marknadspris på elsertifikat på balansedag multiplisert med berekna omfang av elsertifikatplikt for rekneskapsperioden. Innkjøpte elsertifikat vert balanseført som omløpsmiddel til kostpris etter FIFO-prinsippet. Skuldige elsertifikat vert balanseført som annen kortsiktig gjeld og vert netta mot elsertifikatbeholdning på annulleringstidspunktet.

TRADINGPORTEFØLJEN:

Tradingporteføljen inneheld alle sals- og kjøpskontraktar som ikkje er inngått med grunngjeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg eller sal til sluttbrukar. Kraftsals- og kraftkjøpskontraktar med levering i same periode vert samanstillt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i porteføljen vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert inntektsført. Resultatet av tradingaktivitet i kraftmarknaden er ført netto og rekneskapsført på same line som sal av kraft.

PRINSIPP FOR KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida med basis i den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i føretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontant-straumar tilført frå henholdsvis ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

AKSJAR I DOTTERSELSKAP OG TILKNYTTA SELSKAP

Investeringar i dotterselskap og tilknytt selskap er i selskapsrekneskapan vurdert etter kostmetoden. I konsernrekneskapan er dotterselskap konsolidert og tilknytt selskap innarbeidd etter eigenkapitalmetoden.

SKATTAR

SFE betalar fire ulike skatteartar. Dette er alminneleg overskotsskatt, grunnrenteskatt, naturressursskatt og eigedomsskatt.

OVERSKOTSSKATT

Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skattefordel/skatteforplikting. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av året sitt skattemessige resultat. Utsett skattefordel/skatteforplikting vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Utsett skatt er rekna etter nominell verdi med ein skattesats på 27%.

GRUNNRENTESKATT

Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Negativt grunnrenteskattgrunnlag som har oppstått frå og med 2007 for eit kraftverk kan overførast til anna kraftverk eller kan utbetalast. Grunnrenteskatten har som formål å skattlegge den avkastinga ein vasskraftprodusent har utover normalavkastning som følgje av at produsenten utnyttar ein naturressurs. Denne skattearten er delvis overskotsuavhengig.

Skattekostnaden knytt til grunnrente i SFE sitt resultatrekneskap består av betalbar grunnrenteskatt, endring i utsett skatt knytt til grunnrente med basis i endring i midlertidige skilnader og endring i framførbart underskot knytt til grunnrente. Ved berekning av utsett skatt fordel/forplikting 31.12.2013 er det brukt nominell skattesats på 31%. I samsvar med tilråding frå bransjeorganisasjon er det ved negative midlertidige skilnader balanseført utsett skatt fordel grunnrente for kraftverk som er i posisjon for betalbar grunnrenteskatt eller som våre prognoser seier vil vere i betalbar posisjon i løpet av ein 10-års-periode. Utsett skatt fordel/forplikting på grunnrente er presentert netto i balansen for alle kraftverk.

NATURRESSURSSKATT

Naturressursskatten er overskotsuavhengig og vert berekna basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten kan utliknast krone for krone mot overskotsskatten, og ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter.

EIGEDOMSSKATT

Eigedomsskatten er ein overskotsuavhengig skatt. For kraftverk vert grunnlaget for eigedomsskatten fastsett i samband med skattelikninga. Øvrige anlegg vert verdsett gjennom ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjer inntil 0,7% av grunnlaget. I rekneskapen er eigedomsskatten teken med som ein driftskostnad.

KRAFTPRODUKSJON, KRAFTSAL OG KRAFTKJØP

KRAFTPRODUKSJON 2013

Konsern	2013	2012	2011
Årets produksjon	1 998 GWh	2 189 GWh	2 297 GWh
Midlare årsproduksjon	2 065 GWh	2 065 GWh	2 065 GWh

Produksjonstala inkluderer ikkje tilknyttta selskap. Midlare årsproduksjon er simulert etter tilsigsserien 1989-2005.

	31.12.13	31.12.12	31.12.11
Magasinbeholdning (GWh)	754	616	760
Andel av magasinkapasitet	80%	66%	84%

Magasintala inkluderer ikkje tilknyttta selskap.

3 NETTDRIFT, MEIR-/MINDREINNTTEKT, AVKASTING OG AVSETNING

Beløp i 1 000 kr

	Sum meirinntekt nettleige
Saldo meirinntekt 31.12.12	- 31 039
Rentesaldo	15 043
Balansført meirinntekt inkl. renter pr. 31.12.12	-15 996
+ Korrigering meir-/mindreinntekt 2013	-5 898
+ korrigering renter meir-/mindreinntekt 2013	- 56
Vi tok til inntekt i 2012, inntektsramme for 2013	-7 405
Skyldig meirinntekt frå tidl. år	-29 355
- Årets mindreinntekt i 2013	104 547
- Årets renteavsetning meirinntekt	16
- Årets KILE-kostnad	-12 244
Sum balansført mindreinntekt 31.12.13	62 965

Kvart år vert avviket mellom faktiske innkravd inntekt frå kundane og tillaten inntekt berekna i form av ei meir-/mindreinntekt. Meirinntekt er gjeld som oppstår når innkravd inntekt frå kundane overstig inntektsramma og mindreinntekt er ei fordring som oppstår når innkravd inntekt frå kundane er lågare enn inntektsramme.

SEGMENTINFORMASJON NETTDRIFT

Beløp i 1 000 kr

Nettinntekt 2013	278 663
Inntektsramme 2013	383 210
Mindreinntekt 2013	104 547
Driftsresultat nettdrift	144 218
+ Endring pensjonsforplikting ført mot egenkapital i 2013	83 763
+ Korr. meiravskrivning utanom inntektsramme	3 039
Driftsresultat nettdrift etter inntektsramme	231 020
Grunnlag for kapitalavkastning	853 624
Avkastning i %	27,0%

NVE si referanserente for 2013 er sett til 6,90%.

4 ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Mor

Beløp i 1000 kr	2013	2012	2011
Husleigeinntekter	768	794	872
Driftsinntekter	2 631	2 551	2 416
Sal av tenester konserninternt	56 462	53 584	49 793
Sum driftsinntekter	59 861	56 929	53 081

5 LØNSKOSTNADER, TALL TILSETTE, GODTGJERINGAR M.M.

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2013	2012	2011	2013	2012	2011
Løn	23 192	21 325	22 256	150 568	130 496	131 596
Arbeidsgjevaravgift	2 445	2 753	2 841	16 920	18 687	16 803
Pensjonskostnader	5 513	4 636	3 597	23 913	22 168	16 311
Andre ytingar	6 823	5 607	4 817	8 310	8 267	6 872
Sum brutto lønskostnader	37 973	34 321	33 511	199 711	179 618	171 582
Aktivering av egne tilverka driftsmiddel	-468	0	-40	-50 936	-36 784	-36 146
Sum	37 505	34 321	33 471	148 775	142 834	135 436
Tal årsverk	34	34	34	250	236	222
Tal menn	19	18	18	207	191	178
Tal kvinner	15	16	16	43	44	44

YTINGAR TIL LEIANDE TILSETTE:

Beløp i 1000 kr	Løn	Pensjons- utgifter	Anna godtgjering	Sum
Konsernsjef Terje Gjengedal	1 675	294	191	2 160
Konserndir.for Strategi og utvikling Erling Sande	44	0	0	44
Konserndir. for Nett Asgeir Aase	1 171	297	19	1 487
Konserndir. for Økonomi- og finans Martin Holvik	1 040	164	14	1 218
Konserndir. for Produksjon Ola Lingaas	1 162	195	8	1 365
Konserndir. for Kraft Bjarne Dybvik	1 021	306	161	1 488
